# SEKOM-sekretariat

*Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn*

---

## Innkalling til møte i Kontrollutval – Eid kommune

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Kontrollutval - Eid kommune** |
| **Møtedato:** | **28.01.2014** |
| **Møtetid:** | **10.00** |
| **Stad:** | **Formannskapssalen** |
| **Møtenr.:** | **1/2014** |
| **Innkalling:** | **Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen sak 04/14 og 06/14. Revisor i sak 08/14.** |
| **Melding til:** | Ordførar(møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed). |

**Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 95139762, eller på e-post: post@sekom.no.**

### SAKLISTE

01/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.
02/14 Skriv og meldingar.
03/14 Møteplan for kontrollutvalet i Eid.
04/14 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport innkjøpsfunksjonen.
05/14 Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.
06/14 Nettbrett til kontrollutvalet i Eid.
07/14 Innhenting av dokumentasjon i byggesak Eidsgata gnr. 44 bnr. 162.
08/14 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Oppfølging av vedtak – Tinging.
09/14 Oppfølgingsliste 1-2014 Eid
10/14 Eventuelt

Eid 21.01.2014

Roy Andre Høynes Bruvoll (s)
- Leiar -

Vidar Øvrebø
*SEKOM-sekretariat*



| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 42 | post@sekom.no | 57612785 arva<br>97170064 arva | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

# 01/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 21.01.2014

| **Utval** | **Dato** | **Saksnr.** | **Vedtaks-organ** |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Eid | 28.01.2014 | 01/14 | Ja |

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

# 02/14 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM-sekretariat
**Dato:** 21.01.2014.

| Utval | Dato | Saksnr. | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Eid | 28.01.2014 | 02/14 | Ja |

**Saksvedlegg**

SM 01-14: Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med helsestasjonstenester for barn 0-6 år i Eid kommune datert 30.10.2013.

SM 02-14: Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med Eid kommune som barnehagemyndigheit datert 5.11.2013.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**
Skriv og meldingar vert teke til vitande.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

**Innleiing – Kva saka gjeld**
Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

**Saksopplysningar:**
I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør "skriv og meldingar" takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

SM 01-14

# Innhold

# Innhold

Samandrag
1. Innleiing
2. Omtale av verksemda – spesielle tilhøve
3. Gjennomføring
4. Kva tilsynet omfatta
5. Funn
6. Regelverk
7. Dokumentunderlag
8. Deltakarar ved tilsynet

# Rapport frå tilsyn med helsestasjonstenester for barn 0-6 år i Eid kommune 2013

**Adressa til verksemda:** Eid Helsestasjon, 6770 Nordfjordeid

**Tidsrom for tilsynet:** 27.05.2013 - 29.10.2013

30.10.2013

http://www.addthis.com/bookmark.php Del

Lag PDF

**Feil! Hyperkoblingsreferansen er ugyldig.**

## Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Samandrag
1. Innleiing
2. Omtale av verksemda – spesielle tilhøve
3. Gjennomføring
4. Kva tilsynet omfatta
5. Funn
6. Regelverk
7. Dokumentunderlag
8. Deltakarar ved tilsynet

## Samandrag

Statens helsetilsyn har bestemt at det i 2013 skal gjennomførast landsomfattande tilsyn med helsestasjonstenester for barn 0 - 6 år. Vi har gjennomført tilsyn med Eid kommune som del av dette tilsynet. Tilsynet vart gjennomført som systemrevisjon.

Vi såg særleg på om kommunen gjennom systematisk styring og internkontroll sikrar at

- alle barn i aldersgruppa 0 til 6 år får forsvarlege helsekontrollar i samsvar med fagleg forsvarlege normer slik det går fram av nasjonale faglege retningslinjer og rettleiarar
- helsestasjonstenesta bidreg til at barn/familiar med spesielle behov mottek eit heilskapleg tenestetilbod
- helsestasjonstenesta tilbyr tenestetilbod til barn og foreldre tilpassa eigen språkbakgrunn
- helsestasjonstenesta gir fagleg forsvarleg kosthaldsrettleiing for å førebyggje feilernæring

Rapporten gjer greie for funn på områda som det er ført tilsyn med. Det vart påpeika eit avvik og to merknader:

### Avvik 1

Eid kommune sikrar ikkje at helsestasjonen gjev fagleg forsvarleg kosthaldsrettleiing for å førebygge feilernæring.

### Merknad 1

Helsestasjonen i Eid kommune kan betre rutinane for journalføring for å sikre kontinuitet i helseundersøkinga.

### Merknad 2

Eid kommune kan betre rutinane for samhandling og koordinering av helsehjelp mellom helsestasjonen og fastlegane for barn som treng legetenester og behandling av sjukdom eller funksjonssvikt.

Dato: 29.10.2013

Anne Eli Wangen
revisjonsleiar

Linda Svori
revisor

# 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon i Eid kommune i perioden 27.05.2013 - 29.10.2013. Tilsynet er del av eit landsomfattande tilsyn med helsestasjonstenester for barn 0- 6 år i 2013, og går inn som ein del av den planlagde tilsynsverksemda hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane dette året.

Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med helse og omsorgstenestene med heimel i *lov om statlig tilsyn med helse og omsorgstjenesten m.m (helsetilsynslova) § 2.*

Føremålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgjevinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta å undersøke om:

- kva tiltak verksemda har for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på lovgjevinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerte
- tiltaka er gode nok for å sikre at lovgjevinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekte under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte

**Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsette i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finn grunn til å peike på betringspotensial.

# 2. Omtale av verksemda – spesielle tilhøve

Eid kommune har 5920 innbyggjarar. Det har vore nedgang i fødselstalet dei siste åra. I 2012 vart det fødd 61 barn i kommunen. I 2011 var fødselstalet 72. Kommunen har ein del framandspråklege, mest familiegjenforening og framandarbeidarar. Det er auke i talet på barnevernsaker som gjeld dei minste barna. Helsesøstrene deltek i oppfølginga av desse sakene. Leiande helsesøster er involvert i arbeidet med *Sjumilsteget.*

Eid helsestasjon er eiga avdeling organisert under tenesteeining Helse. Kommunalsjef for Helse er administrativ leiar. Ved helsestasjonen er det tilsett tre helsesøstrer i kvar si 100% stilling. Den eine stillinga er avdelingsleiar med fagansvar og ansvar for administrative oppgåver i tillegg til klientbehandling. Helsestasjonen har hatt stabilt personale over tid. Legeressursen som er knytt til helsestasjonen/ skulehelsetenesta utgjer to 16% stillingar. Den eine helsestasjonslegestillinga har vore vakant det siste året. Helsestasjonslege har medisinsk fagleg ansvar for helsestasjonsverksemda. Turnuslegar har praksis på helsestasjonen under rettleiing av helsestasjonslege. Kommunen har kommunal barnefysioterapeut som utfører oppgåver for helsestasjonen.

Eid kommune samarbeider med «God Start» avdelinga ved Helse Førde Nordfjord sjukehus om jordmortenester. Kommunen leiger jordmortenester frå Helse Førde som mellom anna utgjer to dagar per veke knytt til svangerskapsomsorg og barselgrupper på helsestasjonen.

Kommunen har også lyst ut stilling for psykolog utan å få søkarar til stillinga. Eid helsestasjon er samlokalisert med fysioterapitenesta og barnevern. Heimetenestene og psykiatritenesta har også kontor i same hus. Infodoc vert nytta som elektronisk journal- system. Det vert nytta papirjournalar i tillegg til elektronisk journal.

Kommunen har teke i bruk «Kvalitetslosen» som elektronisk styringssystem. Helsestasjonen er i gang med å ta i bruk «Kvalitetslosen». Leiande helsesøster har starta arbeidet med å oppdatere eigne rutinar og overføre dei til dette systemet.

# 3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

**Revisjonsvarsel** blei sendt ut 27.05.2013. Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

**Opningsmøte** blei halde 02.09.2013.

**Intervju 7** personar blei intervjua. Oversikt over dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

**Sluttmøte** blei halde 03.09.2013.

# 4. Kva tilsynet omfatta

Tilsynet omfatta kommunen si helsestasjonsteneste til barn 0-6 år. Vi undersøkte om kommunen sikrar alle barn i aldersgruppa 0 til 6 år forsvarlege helsekontrollar i samsvar med fagleg forsvarlege normer slik det går fram av nasjonale faglege retningslinjer og rettleiarar. Tilsynet undersøkte om kommunen gjennom rutinar og praktiske tiltak syter for at helsekontrollane følgjer program i samsvar med nasjonale retningslinjer og faglege rettleiarar som understøttar måla for fagleg forsvarleg praksis.

Vidare undersøkte vi om kommunen hadde tilstrekkeleg personell til å kunne tilby fagleg forsvarlege helsekontrollar, og om helsekontrollane vart gjennomført av personell med nødvendig fagleg kompetanse til å fange opp teikn på omsorgssvikt, utviklingsforstyrringar og sjukdom. Vi såg også på om journalføringa sikra kontinuitet i helseundersøkinga, og om personvernet til barn og foreldre vart ivareteke.

Tilsynet undersøkte om kommunen sikrar at helsestasjonstenesta bidreg til at barn/ familiar med spesielle behov mottek eit heilskapleg tenestetilbod. Vi undersøkte om kommunen gjennom rutinar og praksis syter for at helsestasjonstenesta bidreg til samhandling om og koordinering av helsehjelp mellom fastlege og helsestasjonen for barn som treng legetenester for behandling av sjukdom eller funksjonssvikt. Vidare såg vi på om helsestasjonen bidreg til å sikre barn sine behov for nødvendig fysioterapiutgreiing og behandling. Vi såg også på om helsestasjonen bidreg til samhandling og koordinering for barn og foreldre som har behov for helse-, omsorg- og sosiale tenester frå fleire einingar.

Tilsynet såg også på om kommunen sikrar at helsestasjonstenesta tilbyr tenestetilbod til barn og foreldre tilpassa eigen språkbakgrunn. Vi undersøkte om kommunen gjennom rutinar og praksis syter for at personellet på helsestasjonen kommuniserer med barnet og barnet sine omsorgspersonar gjennom tolk der det er nødvendig.

Det siste tilsynstema handla om kommunen sikrar at helsestasjonstenesta gjev fagleg forsvarleg kosthaldsrettleiing for å førebyggje feilernæring. Tilsynet undersøkte om kommunen gjennom rutinar og praktiske tiltak syter for at tilsette på helsestasjonen følgjer nasjonale faglege retningslinjer for førebygging av overvekt og fedme hjå barn og unge, og dei nasjonale retningslinjene for veging og måling i helsestasjonen.

# 5. Funn

## Avvik 1

Eid kommune sikrar ikkje at helsestasjonen gjev fagleg forsvarleg kosthaldsrettleiing for å førebygge feilernæring.

Avvik frå helse- og omsorgstenestelova §§ 3-2 nr. 1b, 4-2, jf. 12-5 og internkontrollforskrifta §§ 3 - 5.

1. Dei tilsette ved helsestasjonen er kjende med nasjonale faglege retningslinjer for førebygging av overvekt og fedme hjå barn og unge, og nasjonale retningslinjer for veging og måling i helsestasjonen. Retningslinjene er lagt inn i «Kvalitetslosen». Ansvarleg leiar ved helsestasjonen er i gang med å utarbeidde skriftlege rutinar for bruk av retningslinjene, men retningslinjene er ikkje innarbeidde i praksis.
2. Kommunen har som mål å følgje nasjonale retningslinjer. I følgje helsestasjonen si årsmelding for 2012 er det ikkje mogleg for helsestasjonen å følgje dei nye retningslinjene på dette området. I følgje helsestasjonen sin handlingsplan for 2012 – 2014 var veging og måling av skulebarn samt kosthald og fysisk aktivitet, peika på som særlege utfordringar. Det gjekk fram at planlagde tiltak for å etterkomme nye krav var utarbeiding av nye rutinar og vidareutvikling av samarbeid med barnehage og andre.
3. Ansvarleg leiar ved helsestasjonen har teke retningslinjene opp med aktuelle samarbeidspartar, men det er ikkje utarbeidd felles rutinar eller planlagt felles tiltak som sikrar oppfølging av barn og familiar i risiko for overvekt.
4. Den eine helsestasjonslegestillinga har vore vakant siste året. Det er ikkje utarbeidd bemanningsplan på grunnlag av ei analyse av ressurssituasjonen og utfordringane som er spesielle for helsestasjonsverksemda i kommunen.

5. Tidlegare har helsestasjonen brukt to dagar i året til samarbeidsmøte for alle tilsette der også helsestasjonslegane har delteke. Møtet vart brukt mellom anna til fagutvikling. Som følgje av ressurssituasjonen på legesida har det ikkje vorte gjennomført slike møte det siste året. Leiinga ved helsestasjonen har planar om å trekke helsestasjonslege meir inn i utvikling av rutinar som gjeld legetenesta når det vert tilsett ny helsestasjonslege.
6. Helsesøstrene har postmøte ein gong per veke som også vert nytta til drøfting av faglege spørsmål. Målet er at helsesøster og lege deltek på minst eit eksternt kurs i året. Det er ikkje rutine for systematisk internundervisning eller utarbeidd plan for dette.
7. Det er ikkje utarbeidd stillingsomtaler eller funksjonsskildringar for helsestasjonslege, helsesøster og andre tilsette på helsestasjonen. Det vart opplyst at helsestasjonslege har det medisinsk faglege ansvaret ved helsestasjonen. Dei intervjua hadde ulik forståing for kva det medisinsk faglege ansvaret innebar av oppgåver i helsestasjonsverksemda.
8. Det er ikkje utarbeidd plan eller sjekkliste for introduksjon og opplæring av nye helsesøstrer, legar /vikarar på helsestasjonen/skulehelsetenesta.
9. Kommunen har teke i bruk elektronisk avviksmelding i Kvalitetslosen. Det vert meldt lite avvik ved helsestasjonen. I 2012 vart det meldt to avvik, og tre avvik så langt i 2013. Dei tilsette kjenner til avvikssystemet, men det gjekk fram at det er ulik forståing for kva som skal meldast som avvik på helsestasjonen.
10. Det er ikkje system eller rutine for å gjennomføre risikovurdering av helsestasjons-verksemda. Det er ikkje gjennomført risikovurdering av kva konsekvensar avvik frå faglege retningslinjer som gjeld veging og måling og førebygging av overvekt og fedme kan innebere for barn 0-6 år i Eid kommune.
11. Det er ikkje gjennomført brukarundersøking. Helsestasjonen har ikkje rutinar for systematisk tilbakemelding frå brukarar.

## Merknad 1

Helsestasjonen i Eid kommune kan betre rutinane for journalføring for å sikre kontinuitet i helseundersøkinga.

Merknaden byggjer på følgjande:

1. Journalgjennomgangen synte at det i ein del elektroniske journalar manglar relevante personopplysingar. Opplysningar om språk, nasjonalitet og behov for tolk mangla i ein del av journalane til framandspråklege.
2. Namn på ansvarleg helsesøster mangla i nokre journalar.
3. Det var ulikt kor mykje helseopplysningar som gjekk fram og korleis desse vart dokumenterte ved kvar kontroll.
4. Det vart brukt både elektronisk journal og papirjournal. Innkomne epikriser og rapportar vart ikkje skanna over i elektronisk journal.

## Merknad 2

Eid kommune kan betre rutinane for samhandling og koordinering av helsehjelp mellom helsestasjonen og fastlegane for barn som treng legetenester og behandling av sjukdom eller funksjonssvikt.

Merknaden byggjer på følgjande:

1. Det er ikkje utarbeidd skriftleg avtale om arbeids- og oppgåvedeling mellom helsestasjonen sine legar og fastlegane. Lege ved helsestasjonen vurderer vidare tilvising til fastlege i det enkelte tilfelle på grunnlag av fagleg skjønn. Det vert ikkje nytta skriftleg

tilvising til fastlege. Helsestasjonslege eller helsesøster tek sjølve munnleg kontakt med fastlege, eller foreldre vert bedd om å ta kontakt med fastlege direkte.

2. Det vert ikkje alltid sendt kopi til fastlege av helsestasjonen sine tilvisingar til spesialisthelsetenesta.
3. Helsestasjonslege har medisinsk fagleg ansvar for helsestasjonsverksemda. Helsestasjons- legen deltek lite i arbeidet med fagutvikling og kvalitetssikring av tenestene.
4. Kommunalsjef har møte med fastlegane ein gong per månad. Leiande helsesøster har høve til å ta opp saker i dette møtet. Det har ikkje vore sett av tid til å drøfte rutinar som gjeld samarbeid og arbeidsdeling mellom helsestasjonen og fastlegane.

# 6. Regelverk

Lovverk som blir lagt til grunn ved tilsynet er:

lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m (helsetilsynsloven)

lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m (helse- og omsorgstjenesteloven)

lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven)

lov av 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester (barnevernloven)

lov av 02. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetsloven)

forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i sosial- og helsetjenesten

forskrift av 03. april 2003 nr. 450 om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten

forskrift av 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal

forskrift av 09. november 2012 nr. 1045 om virksomhetsovergripende pasientjournal i formalisert arbeidsfellesskap

forskrift av 23. november 1983 nr. 1779 om lovbestemt sykepleietjeneste i kommunens helsetjeneste

# 7. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over då revisjonen blei førebudd:

Årsmelding for Eid helsestasjon 2012

Kommunedelplan for helse- og omsorgstenestene i Eid kommune, 2012 -2015 Trinn II: Tenesteyting, kompetanse og kvalitet

Administrativt delegeringsreglement for Eid kommune 14.06.2013

Plan for verksemda ved Eid helsestasjon 2012-2014 med handlingsplan/tiltak 2012 -2012

Økonomirapport 2013

Utdrag frå Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene i Eid kommune 2012 - 2015 tema tenesteyting, kompetanse og kvalitet

Organisasjonskart helse og sosialtenestene

Oversikt over ansvar og oppgåvedeling - helsestasjonen

- Kopi frå heimesida til Eid kommune - informasjon om Eid helsestasjon
- Oversikt over tilsette og stillingsstorleik i administrasjonen og helsestasjonen
- Prosedyre frå Kvalitetslosen:
    - o Helsestasjonstjenesten frå 0-5 år
    - o Oversikt over nytilflytta/ flytta barn i kommunen
    - o Plan for helsestasjonen
    - o Kosthald og ernæring
    - o Informasjon om helsetenesta til nytilflytta flyktningar og asylsøkjarar
    - o Psykososialt kriseteam i Eid kommune
    - o Vaksinasjon i helsestasjonen og skulehelsetenesta
- Brosjyre: Velkommen til Eid helsestasjon
- Brosjyre: Velkommen til Eid helsestasjon
- Skjema: Informasjon om veging og måling i skulen
- Kopi av skjema: Helseopplysningar frå heimen
- Frå metodebok ved Eid helsestasjon: Samarbeidsrutinar med fastlegane – utkast utarbeidd 07.08.09 som ikkje er godkjent
- Rutinar ved ferie på helsestasjonen
- Kopi av Helse Førde si prosedyrehandbok: Tiltak ved uhell som fører til eksposisjon for blod eller kroppsvæsker
- Oversikt over avviksmeldingar i Kvalitetslosen 2011-2013
- Kopi av skjema for melding av avvik - pleie og omsorgsetaten
- Kopi av Individuell plan med samtykkeskjema
- Samarbeidsavtale mellom Nordfjord BUP og Eid kommune
- Samarbeidsavtale mellom helsestasjons- og skulehelsetenesta og den offentlege tannhelsetenesta
- Skjema - tilvising til kommunal fysioterapi og ergoterapi
- Skjema - tilmelding til PPT
- Prosedyre, instruks og skjema som gjeld legemiddelhandtering i skular barnehagar og SFO, Eid kommune
- Edinburgh Postnatal Depression Scale
- Skjema: 2- års undersøking og 4- års undersøking
- Infoskjema: «Hei og velkomen til Helsestasjonen i Eid kommune»

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Journalgjennomgang av 55 elektroniske journalar i journalsystemet. I tillegg las vi gjennom 5 fem papirjournalar til barn med behov for fleire tenester. Ein av desse journalane inneheld IP.

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- brev av 27.05.2013 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Eid kommune – melding om tilsyn
- e-post med vedlegg frå Eid kommune til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane av 07.08.2013
- e-post med vedlegg av 09.08.2013 frå Eid kommune til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

e-post med vedlegg av 12.08.2013 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Eid kommune

brev med vedlegg av 12.08.2013 frå Eid kommune til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

brev med vedlegg av 14.08.2013 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Eid kommune - program for tilsynet

e-post med vedlegg av 14.08.2013 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Eid kommune - program for tilsynet

# 8. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjua.

Deltakere ved tilsynet

| Namn | Funksjon / stilling | Opningsmøte | Intervju | Sluttmøte |
|---|---|---|---|---|
| Hilde Hoddevik | helsesøster | X | X | X |
| Liv Nesbakk | jordmor | X | X | |
| Linda Gotteberg | helsesøster | X | X | |
| Berit Heien Heggen | fysioterapeut | X | X | X |
| Thomas Vedeld | helsestasjonslege | | X | |
| Grethe Dahl Sandven | helsesøster/avdelingsleiar | X | X | X |
| Rune Engeseth | kommunalsjef | X | X | X |
| Ørjan Raknes Forthun | rådmann | X | X | |

**Frå tilsynsorganet deltok:**
Linda Svori, ass. fylkeslege, revisor
Jacob Andersen, ass. fylkeslege, revisor
Anne Eli Wangen, fylkessjukepleiar, revisjonsleiar

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

SM 02/14

# Tilsyn etter barnehagelova - rapport

# Tilsyn med Eid kommune som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 8 med hovudtema kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16

Fylkesmannen si tilsynsgruppe:
Bodhild Therese Cirotzki - revisjonsleiar
Berit Rygg – revisor

Kontaktperson i kommunen:
Harald Sivertsen, kommunalsjef

Dato 05.11.2013

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

**Regelverk:**

- Lov om barnehagar
- Rammeplan for barnehagen
- Forvaltningslova

**Tilsynet omhandla følgjande emne:**

Kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 8 med hovudtema kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16

**Metode:**

Tilsynet vart utført som systemrevisjon og retta seg mot Jølster kommune sitt ansvar som barnehagemyndigheit. Tilsynet vart utført med gransking av innsendt dokumentasjon og intervju av sentralt plasserte personar.

Fylkesmannen avdekka ingen avvik og gav ingen merknad under tilsynet.

**Innhald:**

1. Innleiing
2. Tema for tilsyn
3. Dokumentunderlag
4. Gjennomføring
5. Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Eid kommune 01.10.2013. Tilsynet er ein del av Fylkesmannen sine pålagde tilsyn gjeve i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet.

Tilsynet har merksemd på om kommunen oppfyller krav innanfor nemnde emne. Rapporten skal omtale eventuelle avvik som vart avdekka under tilsynet, og merknader som vart gjevne. **Rapporten gjev såleis ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemyndigheit.**

Formålet med tilsynet var å vurdere om Eid kommune har tilfredsstillande styring i forhold til regelverket. Tilsynet omfatta m.a. undersøking om:

- aktivitetar vart utførte slik som skildra og uttalt
- kommunen driv verksemda innanfor dei rammer som myndigheitene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis.

- AVVIK er mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

- MERKNAD er eit forhold som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men der tilsynet med utgangspunkt i krav frå myndigheitene avdekkjer eit forbetringspotensiale.

## 2. Tema for tilsynet

Kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 8 med hovudtema kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16

## 3. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn:

- organisasjonskart for kommunen
- delegasjonsreglement for kommunen
- kommunen si årsmelding eller tilsvarande
- årsrapport for barnehageområdet
- kommunale planar som beskriv barnehageområdet
- verksemdsplan og/eller årsplan for barnehage
- vedtekter for barnehage
- kommunen sin plan for tilsyn
- oversikt over gjennomførte tilsyn
- tilsynsrapportar frå 2011 til dd
- rutine/prosedyre for lukking av avvik/pålegg etter kommunen sitt tilsyn med barnehagane
- ev. kopi av søknad og kommunen si handsaming av søknad om dispensasjon frå utdanningskravet til styrar/pedagogisk leiar

## 4. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

| Dato | Aktivitet |
|---|---|
| 27.06.2013 | Varselbrev sendt til kommunen |
| 10.09.2013 | Frist for innsending av dokumentasjon |
| 01.10.2013 | Opningsmøte og intervju av sentralt plassert personar |
| 05.11.2013 | Sluttmøte som telefonmøte |

## 5. Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

Tabellen under viser ei oversikt over deltakarane frå kommunen.

| Namn | Funksjon | Opningsmøte | Intervju | Oppsummering | Sluttmøte |
|---|---|---|---|---|---|
| Anne-Grethe Eikås | rådgjevar | X | X | X | X |
| Øyvind Dypveit | Styrar Golvsengane barnehage | X | X | X | X |
| Reidun Borgenstrand | Styrar Stårheim barnehage | X | X | X | X |
| Anne Britt Dypveit | Styrar Eid private barnehage | X | X | X | X |
| Marit Støyle | Reksnes/ Kjølsdalen barnehage | X | X | X | |
| Harald Siversten | kommunalsjef | X | X | X | X |
| Ørjan Raknes Forthun | rådmann | X | | X | |
| Anita Sørland Aase | Konsulent | | | | X |
| Tove Hannebrekke Starheimsvik | Styrar Gjerdane barnehage | | | | X |

Frå fylkesmannen deltok Berit Rygg og Bodhild Therese Cirotzki

## 03/14 MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I EID

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat
**Dato:** 02.01.2014

| Utval | Dato | Saksnr | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Eid | 28.01.2014 | 03/14 | Ja |

**Saksvedlegg:**
Forslag til møteplan.
Møteplan for 2014 – Eid kommune

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**
Møteplan for kontrollutvalet i Eid for 2014 vert godkjent.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

# MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I EID

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

**Innleiing – Kva saka gjeld**
Møteplan for kontrollutvalet i Eid for 2014.

**Saksopplysningar:**
Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del, og for at kontrollutvalsmedlemane skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i dei 15 kommunane.

I planen for kvar kommune er det, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem til og som hastar, eller av andre årsaker. Møteinnkalling vert sendt ut om lag ei veke før møtedato.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

# MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I EID KOMMUNE - 2014

| MÅNAD | JAN | FEB | MAR | APR | MAI | JUN | JUL | AUG | SEP | OKT | NOV | DES |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| KONTROLLUTVAL | **28** | | | **11** | | **12** | | | **10** | | **25** | |
| FORMANNSKAP | 30 | 27 | 20 | 30 | 15 | 19 | | 28 | 18 | 16 - 30. | 13 - 27. | |
| KOMMUNESTYRET | | 6 | 27 | | 8 | 5 - 26. | | | 25 | 23 | | 11 |

# EID KOMMUNE

## Møteplan for 2014

*Forslag pr 19.11.13*

| Utval | Januar | Februar | Mars | April | Mai | Juni |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunestyret | | 6. | 27. | | 8. | 5.*/26. |
| Formannskapet/Finansutval | 30. | 27. | 20. | 30. | 15. | 19. |
| Administrasjonsutvalg | | | | 30. | | 19. |
| Driftsutvalet | 23. | | 13. | 24. | | 12. |
| Utval for samfunnsutvikling | 9./23. | | 13. | 24. | | 12. |
| AMU | | | | 24. | | 12. |
| Eldrerådet | 22. | | | 23. | | 11. |
| Ungdomsrådet | | | | | | |
| Råd for funksjonshemmede | 22. | | | 23. | | 11. |
| Nordfjordrådet | | | | | | |

| | Juli | August | September | Oktober | November | Desember |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunestyret | | | 25. | 23. | | 11. |
| Formannskapet/Finansutval | | 28. | 18. | 16./30. | 13./27. | |
| Administrasjonsutvalg | | | 18. | 16. | 13. | |
| Driftsutvalet | | | 11. | 2. | 20. | |
| Utval for samfunnsutvikling | | | 11. | 2. | 20. | |
| AMU | | | | 2. | 20. | |
| Eldrerådet | | | | 1. | 19. | |
| Ungdomsrådet | | | | | | |
| Råd for funksjonshemmede | | | | 1. | 19. | |
| Nordfjordrådet | | | | | | |

* Politikerdag Handlingsprogram / Økonomiplan
Møtene frå 16. oktober til 27. november i Finansutval/Formannskap er i hovudsak knytt til budsjettprosessen.
Vinterferie 17. - 21. feb. Påske 14. april - 21. april. Høstferie 6. - 10. oktober.

# 04/14 OPPFØLGING KOMMUNESTYREVEDTAK FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT INNKJØPSFUNKSJONEN

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 21.01.2014

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Eid | 25.11.2013 | 45/13 | - | Ja |
| Kontrollutvalet i Eid | 28.01.2014 | 04/14 | - | Ja |

**Saksvedlegg**

**Andre dokument i saka (Ikkje vedlagt):**
Kontrollutvalsak 25/11, 031/12, 035/12, 045/12, 003/13 og 15/13.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**
Orienteringa frå rådmannen vert teken til vitande.

**<u>Kontrollutvalet sitt vedtak i sak 45/13:</u>**
Saka vert utsett til neste møte 28. januar 2014.

**<u>Kontrollutvalet sitt vedtak i sak 4/14:</u>**

Saksutgreiing

# OPPFØLGING KOMMUNESTYREVEDTAK FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT INNKJØPSFUNKSJONEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

## Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet vil ha status på korleis administrasjonen ligg an i høve til å følgje opp kommunestyret sitt vedtak om å utarbeide plandokument for innkjøpsfunksjonen i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015.

## Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde i sak 051/11 «Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune» 23.06.2011 bl.a. følgjande vedtak: *Kommunestyret ber administrasjonen lage eit plandokument for innkjøp i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015.*

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 12 skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgt opp. Det skal vidare rapporterast til kommunestyret korleis vedtaket er følgt opp:

**§ 12.** *Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter*

*Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.*

*Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.*

Kontrollutvalet i Eid vedtok i møte 13.06.2012 i sak 031/12 Orientering arbeidet med plan for innkjøpsfunksjonen følgjande: *Kontrollutvalet ber rådmannen om skriftleg status innan neste møte i kontrollutvalet på korleis ein ligg an med arbeidet med å lage eit plandokument for innkjøp.*

I kontrollutvalsmøte 11.09.2012 orienterte rådmannen om planarbeidet generelt og om plan for innkjøp spesielt. Under dette vart det sagt følgjande:

- *Planstrategi vedteken og forslag til planprogram er under arbeid.*
- *Planstrategi skal ikkje omfatte fagplanar.*
- *Dette inneber at det enno ikkje er nokon plan for innkjøp. Då plan for innkjøp er ein fagplan*
- *Det vil snart bli sett i gong eit arbeid med strategi for fagplanar.*
- *Enno utsikkert kva tid dette kan vere på plass.*
- *Men det kan forventast at ein overordna plan for fagplanar kan vere på plass i november.*
- *Fagplanane treng ikkje vere veldig omfattande.*
- *Ein kan forvente at dette kan vere på plass til neste møte i kontrollutvalet.*

Etter orienteringa i møtet 11.09.2012 vedtok kontrollutvalet i sak 035/12 «Orientering – Status i arbeidet med å lage plandokument for innkjøpsfunksjonen» følgjande:

- *Kontrollutvalet tek orienteringa til rådmannen til vitande.*
- *Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å få orientering om status med arbeidet med plan for innkjøp.*
- *Kontrollutvalet ber om at det under denne orienteringa vert gjeve eit tidspunkt for kva tid plan for innkjøp blir ferdigstilt.*

Det er sendt brev til Eid kommune 12.09.2012 der ein ber om slik orientering.

I kontrollutvalsak 45/12 27.11.2012 vart kontrollutvalet orientert om følgjande:
*På administrativt nivå ligg plan for innkjøpsstrategi. Det er laga prioriteringsliste for planane i Eid kommune. Denne planen er ikkje prioritert enno. Det er ikkje tidfesta kva tid denne planen vil bli ferdig. Prioriteringsliste for planane vil bli sendt kontrollutvalet når denne klar. Sannsynlegvis slik at kontrollutvalet har den til første møte i 2013.*

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:
*Saka vert teken opp igjen på neste møte i kontrollutvalet.*

I møte 27.02.2013 var saka oppe på nytt. Rådmannen hadde ikkje høve til å møte. Det vart gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber rådmannen orientere i saka i kontrollutvalsmøtet 17. april 2013.*
- *Kontrollutvalet vil etter dette sende melding om saka til kommunestyret til deira møte 2. mai 2013.*

I kontrollutvalsmøte 17. april 2013 vart rådmannnen kalla inn til møtet, og det vart gjort følgjande handsaming/vedtak.

Rådmannen orienterte:

**KS har minimumskrav til plandokument. Eid har tre punkt som det må takast tak i i høve til dette:**

1. **Innkjøpsreglement. Sikre at lover, reglar, avtalar og budsjett vert følgde mm. Har sett på korleis Oslo gjer det. Vil bruke noko av det som mal for å utarbeide plandokument for Eid kommune. Politisk sak. Møte om dette førstkomande fredag 19.04.2013.**

2. **Etiske retningsliner. Funne eit godt grunnlag for dette som det vil bli teke utgangspunkt i og laga ei sak som skal handsamast administrativt og politisk. Politisk sak**

3. **Leiaravtalar. Regulerer og definerer kva ansvar den enkelte har. Administrativ sak.**

**Eid kommune skal ha alt dette på plass innan juni 2013. Dette vil så liggje dokumentert i kvalitetslosen.**

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Saka har enno ikkje vore opp til handsaming i kommunestyret i Eid, og Kontrollutvalet kallar rådmannen inn til orientering om sakshandsaminga.

## 05/14 EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM-sekretariat
**Dato:** 21.01.2014

| Utval | Dato | Saksnr. | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Eid | 28.01.2014 | 005/13 | Ja |
| Kommunestyret | - | - | - |

**Saksvedlegg**
Erklæring frå Kommunerevisjonen i Nordfjord, datert 6.01.2014.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**
Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**
Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Eid kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap datert 6.01.2014 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

# EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Det vert vist til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15.

Sitat:

" Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. "

**Saksopplysningar:**

Markvard Sunde, oppdragsansvarleg revisor for Eid kommune, har i brev datert 6.01.2014 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av sin ubundenskap. Sjå vedlegg.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin ubundenskap med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t ubundenskap og objektivitet overfor Eid kommune.

I 48/14

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

**ERKLÆRING**

Dato: 6.01.2014

Vår ref.: RPD 2014/ÅM14.1.2

Eid

*Til*
Kontrollutvala i kommunane i revisjonsdistriktet

*Kopi til:*
Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord

# Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap

Ifølge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gi ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet kring eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

**Lova sine krav til revisor sitt sjølvstende**
Følgjande kjem fram av kommunelova § 79:

- Den som utfører revisjon for ein kommune kan ikkje ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei tilknyting til verksemda som vert revidert eller kontrollert, verksemda sine tilsette eller tillitsmenn, som gjer at dette er eigna til å svekke revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Som nærstående vert å rekne:

  a) ektefelle og ein person som vedkommande bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
  b) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken, og deira ektefelle eller personar som dei bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
  c) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken til ein person som nemnd under bokstav a.

Det same gjeld dersom det finst særeigne tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisor sitt sjølvstende og objektivitet ved utføring av oppgåvene. Tilsetting som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i ei interkommunal samarbeidsordning, medfører ikkje i seg sjølv at revisor manglar naudsynt sjølvstende og objektivitet.

Krava til sjølvstende er nærare spesifisert i revisjonsforskrifta § 13:

- Revisor kan ikkje ha andre stillingar hos kommunen eller i verksemd som den aktuelle kommunen deltek i, ved sidan av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikkje vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i.
- Revisor kan ikkje delta i eller ha funksjonar i anna verksemd, når dette kan føre til at vedkommande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som utfører revisjon.


| Org.nr: | Kommune: | Adresse: | | Telefon: |
|---|---|---|---|---|
| 976 304 470 | EID | Rådhusvegen 11 | 6770 Nordfjordeid | 57 88 58 87 |
| | GLOPPEN | Postboks 300 | 6821 Sandane | 57 00 92 64 |
| E-postadresse: | HORNINDAL | Postboks 24 | 6761 Hornindal | 57 87 98 08 |
| revisor@stryn.kommune.no | SELJE | | 6740 Selje | 97 99 04 26 |
| | STRYN | Tonningsgata 4 | 6783 Stryn | 57 87 48 18 -19 |
| | VÅGSØY | Postboks 294 | 6701 Måløy | 57 84 50 29 |

I tillegg gjeld følgjande avgrensing ved utføring av oppgåver, jf revisjonsforskrifta § 14:

- revisor kan ikkje utføre rådgiving eller andre tenester dersom dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sitt sjølvstende og objektivitet
- revisor kan ikkje gi tenester som høyrer til den revisjonspliktige sine eigne leiings- og kontrolloppgåver
- revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, med unntak av bistand i skattesaker etter domstollova.

**Oppdragsansvarleg revisor si vurdering:**

| | |
|---|---|
| Pkt 1: Tilsettingstilhøve. | *Eg har ikkje tilsettingstilhøve i andre stillingar enn i kommunerevisjonen.* |
| Pkt 2: Medlem i styrande organ. | *Eg er valt styremedlem i Stryn Røde Kors, men er ikkje medlem av styrande organ i verksemder som kommunane i revisjonsdistriktet deltek i.* |
| Pkt 3: Å delta eller ha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit. | *Eg deltek ikkje i eller har funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.* |
| Pkt 4: Nærstående. | *Eg er gift med Jorunn Guddel som er tilsett som assistent på kjøkkenet ved Stryn omsorgssenter.*<br>*Søster til Jorunn, Borghild Guddal, er tilsett som avd.ingeniør ved teknisk kontor i Stryn kommune.*<br>*Bror til Jorunn, Rasmus Guddal, er varamedlem til kontrollutvalet i Stryn kommune.*<br><br>*Eg har elles ikkje nærstående som har tilknyting til kommunane slik at dette har betyding for sjølvstende og objektivitet.* |
| Pkt 5: Rådgiving eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet. | Før slike tenester vert utført gjer eg ei vurdering av rådgivinga eller tenesta sin art i høve til mitt sjølvstende og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utføring av slik teneste kjem i konflikt med vilkåra i forskrifta § 14, kan eg ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskild.<br><br>Revisor gir jamleg svar på spørsmål som vert å sjå som rettleiing og støtte og ikkje revisjon. Paragrafen seier at og slike rettleiingar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor ved seinare revisjons- og kontrollvurderingar.<br><br>*Eg gir ikkje rådgiving eller andre tenester til kommunane som kjem i konflikt med dette vilkåret.* |
| Pkt 6: Tenester som høyrer til kommunen sine eigne leiings- og kontrolloppgåver. | *Eg har ikkje gitt tenester til kommunane som høyrer til kommunane sine eigne leiings- og kontrolloppgåver.* |
| Pkt 7: Opptre som fullmektig for den som er revisjonspliktig. | *Eg opptrer ikkje som fullmektig for nokon av kommunane.* |
| Pkt 8: Andre særskilde tilhøve. | *Eg kjenner ikkje til andre særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til sjølvstende og objektivitet.* |

Markvard Sunde
*Revisjonssjef*

# 06/14 NETTBRETT TIL KONTROLLUTVALET I EID

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM-sekretariat
**Dato:** 21.01.2014

| Utval | Dato | Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Eid | 28.01.2014 | 06/14 | - | Nei |
| Formannskap | - | - | - | |
| Kommunestyret | - | - | - | |

**Saksvedlegg**

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**
Kontrollutvalet får tildelt nettbrett.
Kontrollutvalet får naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett.

Rådmannen vart innkalla og orienterte i saka.

**Kontrollutvalet si tilråding til formannskapet:**

Saksutgreiing

# NETTBRETT - KONTROLLUTVALET

**Sakshandsamar:** SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

## Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet ynskjer å gå over til bruk av nettbrett.

## Saksopplysningar:

Kontrollutvalsleiar er ansvarleg for saklista til kontrollutvalsmøta.

Kontrollutvalsleiar har bede om at det vert teke opp ei sak om at kontrollutvalet bør få tildelt nettbrett og ta dette i bruk i arbeidet sitt.

Kommunane i SYS IKT sitt område, kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn, har teke i bruk eller held på å innføre bruk av nettbrett for sine politiske utval.

I Eid kommune har alle politiske utval med unntak av kontrollutvalet teke i bruk nettbrett, i følgje kontrollutvalsleiar.

Av kontrollutvala i SEKOM-området har kommunane Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal teke i bruk nettbrett.

Sekom-sekretariat har installert dei program som ein må ha for at vi skal kunne ta i bruk løysinga med nettbrett. Dette inkluderer verktøy til å lage, sende og ta imot dokument i det formatet som er påkravd ved bruk av nettbrett.

Ved innføring og bruk av nettbrett, bør kontrollutvalet også få innkallingar og/eller protokollar frå dei andre utvala tilsende, slik at dei kan lese desse på nettbrettet.

Ved innføring av nettbrett, bør det også liggje til rette for at ein ikkje sender ut dokument i papirformat.

## Sekretariatet sine vurderingar:

Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør kunne be om å få tildelt nettbrett på lik line med dei andre utvala.

Dersom kontrollutvalet får utdelt nettbrett. Tilrår vi at kontrollutvalet får opplæring i samband med første møtet etter at brettet er utlevert.

## 07/14 Innhenting av dokumentasjon i byggesak Eidsgata gnr. 44 bnr. 162

**Sakshandsamar:** **Audhild Ragni Vie Alme.** SEKOM- sekretariat
**Dato:** 21.01.2014

| Utval | Dato | Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Eid | 28.01.2014 | 07/13 | - | Ja |

**Saksvedlegg:**
Brev datert 26.11.2013 frå SEKOM-sekretariat til Eid kommune.
Brev datert 11.12.2013 frå Eid kommune med oversending av dokument i saka.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**
Sak 47/13 Eventuelt handsama i kontrollutvalet i Eid 25.11.2013

**Tilråding frå sekretariatet til kontrollutvalet:**
Rådmannen sin informasjon og dokumentasjon i saka vert teke til vitande.

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

# Innhenting av dokumentasjon i byggesak Eidsgata gnr. 44 bnr. 162

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

**Innleiing – Kva saka gjeld**
Innhenting av dokumentasjon i byggesak Eidsgata gnr. 44 bnr. 162 Mette Børhovde.

**Saksopplysningar:**
I kontrollutvalsmøte 25.11.2013 i sak 47/13 Eventuelt, gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:
*SEKOM-sekretariat får i oppdrag å innhente dokumentasjon i byggesak Eidsgata gnr. 44 bnr. 162 Mette Børhovde. Dette skal sendast til kontrollutvalet så snart råd er.*

Sekom-sekretariatet mottok oversending frå Eid kommune pr post 19. desember.

**Sekretariatet sine vurderingar:**
Rådmannen vert kalla inn for å orientere om saka

# SEKOM-sekretariat

*Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn*

Eid kommune
v/Rådmann Ørjan Raknes Forthun
Rådhusvegen 11

6770 Nordfjordeid

Førde, 26.11.2013

Dykkar ref.: Vår ref.: arva Jnr.: 550/13 Arkiv: Eid

**INNHENTING AV DOKUMENTASJON I BYGGESAK EIDSGATA GNR. 44 BNR. 162**

I kontrollutvalsmøte 25.11.2013 i sak 47/13 Eventuelt, gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

*SEKOM-sekretariat får i oppdrag å innhente dokumentasjon i byggesak Eidsgata gnr. 44 bnr. 162 Mette Børhovde. Dette skal sendast til kontrollutvalet så snart råd er.*

Vi ber om at dokumentasjon i saka vert sendt til SEKOM-sekretariatet innan 16.12.2013.

For kontrollutvalet

Audhild Ragni Vie Alme
Audhild Ragni Vie Alme
rådgjevar
***SEKOM-sekretariat***


| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 42 | post@sekom.no | 5761 2785 arva<br>97170064 arva<br>57612786 vø<br>95139762vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

# EID KOMMUNE

PLAN-OG UTVIKLINGSAVDELING

| SEKOM-sekretariat | |
|---|---|
| 19 DES. 2013 | |
| J.nr. i 602/13 | |
| Saksh. anna | Arkiv |
| U.off. etter | |

SEKOM-sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

| Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: |
|---|---|---|
| 11/1749-77/GBNR-44/162, K2-L42//SKB | | 11.12.2013 |

## OVERSENDING AV DOKUMENTASJON I BYGGESAK EIDSGATA GNR. 44 BNR. 162 - SEKOM

Viser til brev av 26. november 2013 i frå SEKOM-sekretariatet.

Følgjande dokumentasjon ligg til grunn for byggesak Eidsgata gnr. 44 bnr. 162 – Mette Bjørhovde:

**REGULERINGSPLAN**

1. Føresegnene i gjeldande reguleringsplan for eigedomen, reguleringsplan for Nordfjordeid Sentrum, sist revider 2. november 2006.

**KORRESPONDANSE**

2. Søknad om løyve til tiltak frå ansvarleg søkjer Nordplan AS– motteke Eid kommune 29. september 2011.

   Søknaden gjald løyve til oppføring av eit tilbygg. Søknaden omfattar ikkje rehabilitering av fasade.

3. Brev om manglar ved søknad til ansvarleg søkjer Nordplan AS med kopi til tiltakshavar Mette Bjørhovde, sendt frå Eid kommune den 30. september 2011.

   I brevet blei det gjort klart krava til eksisterande bygningar som ligg i spesialområde for bygningsvern, deriblant krav til høvla bordkledning, og at tiltak i strid med desse føresegnene krev dispensasjon.

4. Oversending av tiltaket til uttale til Sogn og Fjordane Fylkeskommune, sendt frå Eid kommune den 21. oktober 2013.


| Postadr.: | Telefon: | Telefaks: | Bankgiro: | E post: |
|---|---|---|---|---|
| Rådhusvegen 11 | 57 88 58 00 | 57 88 58 01 | 3790.07.00130 | post@eid.kommune.no |
| 6770 Nordfjordeid | | | 5398.05.01120 | Heimeside: |
| Kontoradresse: | | | | http://www.eid.kommune.no |
| Rådhusvegen 11 | | | | |
| org.nr: 938521816 | | | | |

5. Uttale i frå Sogn og Fjordan Fylkeskommune, motteke Eid kommune den 16. november 2013.

Mette Bjørhovde
6770 NORDFJORDEID

| **Vår ref.** | **Dykkar ref.** | **Dato:** |
|---|---|---|
| 11/1749-37/GBNR-44/162, K2-L42//KJLO | | 23.08.2012 |

## REHABILITERING AV BUSTADHUS - BER OM TILBAKEMELDING

I vedtak i sak 232/12 vart det lag til grunn at det skal nyttast høvla bordkledning for rehabilitering av Dykkar bustadhus. Etter det Eid kommune veit så er det dag ikkje fullt ut nytta høvla kledning for rehabiliteringa av huset.

Vi ber difor om tilbakemelding innan **3. september 2012** på om kva som er tenkt vidare med tanke på bruk av høvla bordkledning for bustadhus og tilbygg.

Med helsing

Kjetil Jon Lote

Kjetil Jon Lote
Rådgjevar
E-post: Kjetil.Lote@eid.kommune.no
Tlf: 57 88 58 05

**Marit Dalset**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Mette Bjørhovde <mette@riccovero.no> |
| **Sendt:** | 10. september 2012 09:48 |
| **Til:** | Kjetil Lote |
| **Kopi:** | Alfred Bjørlo |
| **Emne:** | Re: Ber om tilbakemelding. |

Eid kommune
Dato: 11 SEPT 2012
Arkivkode: 44/162 L42
Sak nr.: 11/1749-42
L.nr.: 12/9726
Saksh.: KJLO

Viser til brev og tidlegare samtale, om allerede oppsatt bordkledning, som eg ikkje har fått dispensasjon til å ha på huset mitt.
Dette er 80kvm bordklednig, her iblandt gamalkledning som er satt oppatt, den nye kledninga er grunna, kvar fjøl er slipt for hand, og seinare mala to strøk.
Krev Eid kommune at eg fjerner denne kledninga?

Mette Bjørhovde

---

**Fra:** Kjetil Lote <kjetil.lote@eid.kommune.no>
**Dato:** mandag 3. september 2012 12.07
**Til:** Mette Bjørhovde <mette@riccovero.no>
**Emne:** VS: Ber om tilbakemelding.

Hei,

Sender e-post som ikkje kom fram til di tidlegare e-postardresse.

Mvh,
Kjetil

---

**Fra:** Kjetil Lote
**Sendt:** 23. august 2012 16:25
**Til:** Mette Bjørhovde - GOOD TIMES (mette@good-times.no)
**Emne:** Ber om tilbakemelding.

Hei,

Sender brev der vi ber om tilbakemelding. Brevet vert og postsendt til Dykk.

Mvh,
Kjetil Jon Lote
Rådgjevar
E-post: Kjetil.Lote@eid.kommune.no
Tlf: 57 88 58 05

# EID KOMMUNE

PLAN-OG UTVIKLINGSAVDELING

Mette Bjørhovde
6770 NORDFJORDEID

| Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: |
| --- | --- | --- |
| 11/1749-44/GBNR-44/162, K2-L42//KJLO | | 28.09.2012 |

## OPNING AV TILSYN - RENOVERING AV BUSTADHUS. EIDSGATA 52 - METTE BJØRHOVDE

**Varsel:**
Med heimel i Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27. juni 2008 nr. 71 (pbl.) kapittel 25, jf lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) av 10. februar 1967 § 16, vert det med dette varsla om at det vert opna tilsyn av byggverk på gnr. 46 bnr. 168 i Eid kommune.

**Bakgrunn og grunngjeving for tilsyn:**
Eid kommune har fått vite bl.a under synfaring gjennom informasjon frå tiltakshavar om at det har vore nytta uhøvla bordkledning for renovering av bustadhus i Eidsgata 52.

I føresegnene for reguleringsplanen for området heiter det følgjande i punkt 5.1.3.:

*«Utvendig kledning og listverk skal vere høvla viss ikkje anna kan dokumenterast som opprinneleg»*

Tiltakshavar har vore informert om innhaldet i føresegnene ved fleire anledningar. Fyrste gong i brev datert 30.09.2011.

**Tilsyn:**
På grunnlag av nemnde opplysningar har bygningsstyresmakta i Eid kommune grunn til å tru at det ligg føre tilhøve som er i strid med plan- og bygningslovgjevinga. Det vert difor opna tilsyn med heimel i pbl. § 31-7, jf pbl. kapittel 25 og Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften) av 26. mars 2010 nr. 488 (SAK) kapittel 15. Tilsynet er retta mot eigar av byggverket, som er Mette Bjørhovde.

**Vi ber eigar om å gje ei skriftleg tilbakemelding vedkomande status for byggverket, og kva eigar eventuelt vil gjere for å imøtekome punkt 5.1.3. i føresegnene. Frist for tilbakemelding vert sett til 16. oktober 2012.**


| Postadr.: | Telefon: | Telefaks: | Bankgiro: | E post: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Rådhusvegen 11<br>6770 Nordfjordeid<br>Kontoradresse:<br>Rådhusvegen 11<br>org.nr: 938521816 | 57 88 58 00 | 57 88 58 01 | 3790.07.00130<br>5398.05.01120 | post@eid.kommune.no<br>Heimeside:<br>http://www.eid.kommune.no |

Bygningsstyresmakta kan vidare gjennomføre synfaring i bustadhuset, saman med eventuelle andre aktuelle styresmakter. Dersom tilsynet viser at det er grunn til vidare granskingar, kan kommunen utføre tekniske prøver for eigar si rekning, for deretter å slå fast kva tiltak som må gjerast for å utbetre bygget. Det vil bli gjeve ein frist for å rette påpeika tilhøve. Kommunen kan vidare gje pålegg for å sikre at naudsynte tiltak vert gjennomført, jf pbl. kapittel 32.

Vi ber dykk om å ta kontakt med sakshandsamar dersom de har spørsmål.

Med helsing

Gerd Fløde Bjørlo
Plan-og utviklingssjef

Kjetil Jon Lote
Rådgjevar
E-post: Kjetil.Lote@eid.kommune.no
Tlf: 57 88 58 05

Eid kommune

Dato: 12 NOV. 2012

Arkivkode: 44/162

Sak nr.: 11/1749-51

L.nr.: 12/12168

Saksh.: K740

Fra: Mette Bjørhovde [mailto:mette@riccovero.no]
Sendt: 11. oktober 2012 13:59
Til: Gerd Fløde Bjørlo
Emne: Re: Hus i Eidsgata

Hei!

Takk for tilbakemelding og klargjering.

Du kan sjå på dette som ei klage på vedtaket ja, og eg ser at den vert lagt fram til politisk behandling.

Mvh

Mette Bjørhovde

Fra: Gerd Fløde Bjørlo <Gerd.Flode.Bjorlo@eid.kommune.no>
Dato: torsdag 11. oktober 2012 13.47
Til: Mette Bjørhovde <mette@riccovero.no>
Emne: Hus i Eidsgata

Hei!

Eg viser til epost der du viser til at det er opna tilsyn på huset ditt i Eidsgata 52, og ytringar kring dette.

Dersom det er slik at du er usamd i det vedtaket som er gjort om kva kledning du skal ha på huset ditt, så skal du ha fått beskjed om klageadgang på vedtaket. Det er slik at om du kjem med ein klage, så blir det vedtaket som er gjort administrativt lagt fram for politisk behandling.

Dette er ein ryddig måte å gjere ting på, og du er sikra ei god behandling av saka di.

Så langt eg kjenner til, så har du ikkje klaga på vedtaket. Når so ikkje skjer, så må vi gå ut frå at du tek vedtaket til følgje og rettar opp i samsvar med det. Når vi då ser at det ikkje blir teke til følgje, så må vi så langt vi kan, føre tilsyn med at kommunale vedtak blir fulgt opp. Det er ikkje verre enn det.

Eg forslår då for deg at vi no ser på den eposten du har sendt, som ein klage på vedtaket om at det skal

nyttast uhøvla materiale, og legg saka fram til politisk behandling.

Har du synspunkt på dette? Vi har stor interesse i at du skal få ei ryddig behandling av saka di, og håper at du kjem med ei snarleg tilbakemelding.

Mvh

Gerd Fløde Bjørlo

Plan-og utviklingssjef

Tlf. 57885863

Epost: gerd.flode.bjorlo@eid.kommune.no

www.eid.kommune.no <http://www.eid.kommune.no/>

www.nordfjordeid.no <http://www.nordfjordeid.no/>

# EID KOMMUNE

## Møtebok

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Saksansv.** |
| Formannskapet | 17.10.2012 | 156/12 | GFB |

| | | |
|---|---|---|
| **Avgjerd av:** Formannskapet<br>**Saksbehandler:** Kjetil Lote | **Arkiv:** L42<br>**Objekt:** 44/162 | **Arkivsaknr**<br>11/1749 |

### Klage - Søknad om dispensasjon. Skifte av bordkledning - Mette Bjørhovde

**Prenta vedlegg:**
1. Orientering til søkjar om reglar for rehabilitering av hus i Eidsgata, datert 30.09.2011.
2. Søknad om dispensasjon for bruk av uhøvla bordkledning m.m. 13.07.2012.
3. Uttale frå Fagrådet i Eid kommune 20.07.2012.
4. Avslag på søknad om om dispensasjon, 30.07.2012
5. Utdrag frå reguleringsføresegnene til Reguleringsplan for Nordfjordeid sentrum

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**
1. Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) av 10.02.1967 kapittel VI.
2. Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) av 27.06.2008 nr. 71 kapittel 19.
3. Reguleringsplan for Nordfjordeid sentrum nord for Almenningen, 07.10.1999

**Kva saka gjeld:**
Klage over administrativt vedtak i sak 232/12 og avslag på søknad om dispensasjon frå føresegnene i Reguleringsplan for Nordfjordeid sentrum vedkomande bordkledning på bustadhus i Eidsgata.

**Saksutgreiing:**
Søkjar har ei tid arbeidd med rehabilitering av bustadhuset i Eidsgata 52. På søknadstidspunktet vart tiltakshavar orientering om kva reglar som gjeld for rehabilitering av bustadhus i Eidsgata, jf. brev datert 30.09.2011.

Tiltakshavar sendte søknad/orientering om bl.a. bordkledning for bustadhuset 08.06.2012. Det vart opplyst om at det ville verte nytta gamal bordkledning for delar av veggen mot Eidsgata og spesialhøvla bordkledning dersom det ikkje vart nok. For resten av huset ville tiltakshavar nytte breiaste standardbredde av uhøvla bord.

I brev datert 22.06.2012 vart det gjeve ei tilbakemelding for rehabilitering av bustadhuset i Eidsgata 52. I brevet vart det opplyst om at bruken av bordkledning hadde vorte behandla i Fagrådet for Eidsgata og Tverrgata sit møte 18.06.2012 og at det ikkje vart tilrådd bruk av uhøvla bordkledning. Vidare i same brev heiter det:

*«Bruk av materiale/nye vindauge etc. jf. uttalen frå fagrådet om fasadeendringar. Her må du sende inn ein søknad om dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i tråd med føresegnene. Her treng du ikkje noko søknadsskjema, men grunngjev godt der du nyttar materiale som ikkje er i tråd med føresegnene. Vi vil behandle saka snarast råd, og tilrådinga frå fagrådet vil ha stor betyding for vårt vedtak. Eit eventuelt vedtak av Eid kommune vil også her kunne påklagast av fylkeskulturkontoret.»*

Administrasjonen mottok 13.07.2012 slik søknad om dispensasjon for bruk av uhøvla bordkledning frå tiltakshavar.
*«Søkjer med dette om dispensasjon til å nytte uhøvla bordkledning som oppsett.
Bordkledninga er først grunna, og no slipt ned.
Eg har brukt uhøvla kledning for å få ei holdbar og vedlikeholdsfri kledning.
Men kledninga får ved nedsliping same utrykket som ei høvla bordkledning.»*

Det vart gjort vedtak i sak 232/12 i høve dispensasjonssøknad for bordkledning. Jf. denne. I vedtaket heiter det:

*«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det <u>ikkje</u> gjeve dispensasjon frå reguleringsføresegnene for Nordfjordeid sentrum nord for Almenningen, vedtekne 07.10.1999. Det kan ikkje nyttast uhøvla bordkledning på gnr.44 bnr.162 slik det er søkt om.»*

I melding om vedtak 31.07.2012.vart det opplyst om klagerett og klageskjema vart vedlagt.

Det kom ikkje inn noko klage på vedtaket, og administrasjonen fann derfor grunn til å tru at søkjar ville følgje opp vedtaket.

Administrasjonen opna tilsynssak 28.09.2012 på bakgrunn av synfaring og gjennom informasjon frå tiltakshavar om at det framleis vert nytta uhøvla bordkledning for renovering av bustadhus i Eidsgata 52. Det vart bede om tilbakemelding innan 16.10.2012.

Etter at tilsynssaka vart opna, mottok administrasjonen tilbakemelding frå søkjar at ho ynskjer å klage på vedtaket om avslag på dispensasjonssøknaden i sak 232/12. Ho kom ikkje med nye opplysningar i saka utover det som alt var kjent i dispensasjonssaka.

**Vurdering:**
Klagar har rettsleg klageinteresse, jf lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) av 10. februar 1967 § 28 fyrste ledd. Klagen er ikkje framlagt rettidig, men adminstrasjonen ynskjer at saka likevel vert behandla som ein klage på vedtaket i sak 232/12.

Eigedomen gnr. 44 bnr. 162 ligg i område SP7 i Reguleringsplan for Nordfjordeid sentrum vedtekne 07.10.1999 . Området er regulert til spesialområde for bygningsvern.

I føresegnene punkt 5.1.3. står det følјande om istandsetting av bygningar i desse områda:

*«Ved utskifting av dører, vindauge, listverk, fasadekledning [...] Gjenbruk av gamle bygningsdelar og detaljar vert tilrådd der dette er mogleg. [...] Utvendig kledning og listverk skal vere høvla viss ikkje anna kan dokumenterast som opprinneleg.»*

Spørsmålet er om vedtaket i sak 232/12 skal endrast eller opphevast på grunnlag av motteken klage, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd.

Administrasjonen viser til vurderinga i sak 232/12, og kan ikkje sjå at det er kome nye opplysningar i saka etter vedtaket om å ikkje tilrå dispensasjon frå reguleringsføresegnene for Nordfjordeid sentrum,

**RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Med heimel i forvaltningslova § 33, jf føresegnene pkt. 5.1.3 i Reguleringsplan for Nordfjordeid sentrum, vert klage over vedtak i sak 232/12 ikkje teken til følgje.

Klagen vert sendt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for avgjerd.

## 17.10.2012 FORMANNSKAPET

**F-156/12 VEDTAK:**

Som tilrådinga. Samrøystes.

Ørjan Raknes Forthun
Rådmann

# EID KOMMUNE
PLAN-OG UTVIKLINGSAVDELING

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

| Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: |
|---|---|---|
| 11/1749-47/GBNR-44/162, K2-L42//KJLO | | 19.10.2012 |

## OVERSENDING TIL AVGJERD - DISPENSASJON. OPPFØRING AV TILBYGG. EIDSGATA 52 - METTE BJØRHOVDE

**Saksopplysningar:**

| | |
|---|---|
| **Gjeld:** | Klage på vedtak om dispensasjon for oppføring av tilbygg til bustadhus etter pbl. §§ 19-1 jf §§ 19-2. |
| **Eigedom:** | Gnr. 44 bnr. 162 i Eid kommune |
| **Tiltak:** | Oppføring av tilbygg |

**Bakgrunn:**
Vedlagd er vedtak av 30.08.2012 i sak 139/12. Vedtaket gjeld klage på vedtak om dispensasjon i sak 115/12.

**Vedlegg:**
1. Klage på dispensasjonssak. Behandla i formannskapet 17.10.2012. Sak 139/12
2. Dispensasjonssak behandla i formannskapet 30.08.2012. Sak 115/12

Tiltakshavar er orientert ved kopi av dette skriv.

Med helsing

Kjetil Jon Lote
Rådgjevar
E-post: Kjetil.Lote@eid.kommune.no
Tlf: 57 88 58 05

**Kopi til:**
Mette Bjørhovde 6770 NORDFJORDEID


| Postadr.: | Telefon: | Telefaks: | Bankgiro: | E post: |
|---|---|---|---|---|
| Rådhusvegen 11<br>6770 Nordfjordeid<br>Kontoradresse:<br>Rådhusvegen 11<br>org.nr: 938521816 | 57 88 58 00 | 57 88 58 01 | 3790.07.00130<br>5398.05.01120 | post@eid.kommune.no<br>Heimeside:<br>http://www.eid.kommune.no |

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Hans Gunnar Hagelin
Telefon: 57643183
E-post: fmsfhgh@fylkesmannen.no

Vår dato
12.11.2012
Dykkar dato
19.10.2012

Vår referanse
2012/4453 - 423.1
Dykkar referanse

Eid kommune
Rådhusvegen 11
6770 NORDFJORDEID

Eid kommune
Dato: 12 NOV
Arkivkode: 44/162
Sak nr.: 11/1749-49
L.nr.: 12/11937
Saksh.: KJLO

# Innhenting av opplysningar om dispensasjon for skifte av bordkledning på gbnr. 44/162 i Eid kommune

Vi fekk 19.10.2012 inn til oss klagesak som gjeld endring av fasade på eigedomen gbnr. 44/162 i Eid Kommune.

Vi viser til dei saksdokumenta som er sende til oss.

Det går fram av kommunen si oversending av tiltakshavaren ikkje har klaga innan fristen. Kommunen har i si vurdering i møtet 17.10.2012 vist til at «*adminstrasjonen ynskjer at saka likevel vert behandla som ein klage på vedtaket i sak 232/12.*».

Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen har gjort noko vurdering av kvifor tiltakshavar skal få oppreising for klagefristen. Etter forvaltingslova § 31 første ledd, kan klagen takast under handsaming dersom parten eller fullmektig for parten ikkje kan lastast for å ha klaga for seint, eller det av særskilte grunnar er rimeleg at klagen vert handsama.

Fylkesmannen etterspør kommunen si vurdering av om vilkåra for fristoppreising i forvaltingslova § 31 er stetta.

Kommunen har elles vist til at de fekk tilbakemelding frå søkjar om at ho ønskte å klage på vedtaket. Etter forvaltingslova § 32 skal ei klage vera skriftleg, eller skriftleggjerast av kommunen. Klaga skal også signerast av klagaren eller ein attestert fullmektig. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det har vorte klaga på saka i ei form som samsvarar med forvaltingslova § 32, og ber om at kommunen sender over dokumentasjon på at tiltakshavaren har klaga.

Det går også fram av oversendinga at søkjaren allereie har sett i verk byggjearbeid på eigedomen. Vi ber om at kommunen gjer greie for om arbeidet er stansa, eventuelt om kommunen har vurdert om det kan vere grunn til å gje pålegg om dette.

**Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ber om at opplysningane ovanfor vert sende til oss snarast, og seinast innan 07.12.2012. Dokumenta kan sendast til FMSFpost@fylkesmannen.no. Vi ber om at de viser til vårt saksnr. 2012/4453 i oversendinga.**

Med helsing

Hans Gunnar Hagelin
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent*

Kopi til
Mette Bjørhovde 6770 NORDFJORDEID

# EID KOMMUNE
PLAN-OG UTVIKLINGSAVDELING

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

| **Vår ref.** | **Dykkar ref.** | **Dato:** |
|---|---|---|
| 11/1749-50/GBNR-44/162, K2-L42//KJLO | | 13.11.2012 |

**OPPLYSNINGAR OM DISPENSASJON - SKIFTE AV BORDKLEDNING PÅ GBNR. 44/162. EID KOMMUNE - METTE BJØRHOVDE**

Viser til brev datert 12.11.2012 i Dykkar saksnummer 2012/4453.

I brev motteke 12.11.2012 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (sak 2012/4453) vert det etterspurt om kvifor tiltakshavar skal få fristoppreising i si klagesak.

Årsaka er at dette er ei viktig prinsippsak for området Eidsgata og Tverrgata i Eid kommune som har ein reguleringsplan med spesialområde for bygningsvern. Til reguleringsplanen følјer føresegner som set klare krav bl.a. bruk av uhøvla bordkledning for husa spesialområda. Huset på gbnr. 44/162 ligg i eit slik spesialområde.

Tiltakshavar verka ikkje for å ha oppfatta alvoret i vedtaket i sak 232/12. I vedtaket vert det ikkje gjeve dispensasjon til å nytte uhøvla bordkledning. Vedtaket ville kunne føre til eit krav om å måtte skifte allereie oppsett bordkledning. Etter at det 28.09.2012 vart opna tilsyn for dei ulovlege tilhøva med bruk av uhøvla kledning så mottok administrasjonen ein klage frå tiltakshavar. Klagen kom i form av ein e-post (vedlagt). Administrasjonen la fram for formannskapet som ei klage etter ynskje frå tiltakshavar. Avgjerda vil skape presedens for eventuelt framtidige saker. Administrasjonen oppfattar nemnte forhold ovanfor som særskilte grunnar til at klagen skal handsamast jf. forvaltningslova § 31.

Byggearbeidet på eigedomen er allereie utført. Det har vore vurdert å gje pålegg om stans, men på grunn av at arbeidet allereie har vore utført på det tidspunkt administrasjonen har motteke informasjon om det så har administrasjonen derfor ikkje funne grunn for å gje pålegget. Tiltakshavar har i tillegg gjeve informasjon til administrasjonen som heller ikkje har gjeve grunn for pålegg om stans i arbeidet.

Tiltakshavar har gjentekne gonger vore informert om gjeldande føresegner gjennom brev og vedtak.

| Postadr.: | Telefon: | Telefaks: | Bankgiro: | E post: |
|---|---|---|---|---|
| Rådhusvegen 11 | 57 88 58 00 | 57 88 58 01 | 3790.07.00130 | post@eid.kommune.no |
| 6770 Nordfjordeid | | | 5398.05.01120 | Heimeside: |
| Kontoradresse: | | | | http://www.eid.kommune.no |
| Rådhusvegen 11 | | | | |
| org.nr: 938521816 | | | | |

Vedlegg:

1. Melding om vedtak. Rehabilitering og tilbygg. Eidsgata 52.
2. Klage frå tiltakshavar. E-post.
3. Opning av tilsyn.

Med helsing

Elin Leikanger
Kommunalsjef

Kjetil Jon Lote
Rådgjevar
E-post: Kjetil.Lote@eid.kommune.no
Tlf: 57 88 58 05

Eid kommune

Dato: 27 NOV

Arkivkode: 44/162

Sak nr.: 11/1749-54

L.nr.: 12/12475

Saksh.: GFB

Fra: Gerd Fløde Bjørlo
Sendt: 26. november 2012 09:01
Til: Postmottak Eid kommune
Emne: VS: SV: Bordkledning i Eidsgata 52

Registrer på saka.

Gerd

Fra: Gerd Fløde Bjørlo
Sendt: 26. november 2012 09:01
Til: 'Mette Bjørhovde'
Kopi: Alfred Bjørlo; Kjetil Lote
Emne: SV: SV: Bordkledning i Eidsgata 52

Hei igjen!

Vi har ikkje fått noko tilbakemelding frå fylkesmannen om manglande underskrift. Dei ønskte å få klarlagt kvifor vi tok klagen opp til behandling etter at klagefristen var overskriden. Vi har sendt fylkesmannen dei opplysningane som var bedt om her.

Men har du fått eit brev frå fylkesmannen, så må du skrive at du har klaga på vedtaket - sjølv om det var etter klagefristen.

Når det gjeld det du skriv om høvla eller ikkje høvla bordkledning, så held vi oss så langt til det vedtaket som er gjort.

Mvh

Gerd Fløde Bjørlo

Plan-og utviklingssjef

Tlf. 57885863

Epost: gerd.flode.bjorlo@eid.kommune.no

www.eid.kommune.no <http://www.eid.kommune.no/>

www.nordfjordeid.no <http://www.nordfjordeid.no/>

Fra: Mette Bjørhovde [mailto:mette@riccovero.no]
Sendt: 23. november 2012 09:31
Til: Gerd Fløde Bjørlo
Emne: Re: SV: Bordkledning i Eidsgata 52

Hei.

Eg fekk eit brev frå fylket om at det ikkje var klaga "på riktig måte", og at dei mangla opplysningar frå kommunen, og mi underskrift.

Eg har ikkje fått noko info. Om eg skal foreta meg noko, så antar at eg vert kontakta om dette har følger for saka mi.

Eg meiner at om eg kan bevise at det ikkje er brukt høvla bord orginalt, så er det vekk kasta skattepenger å bruke tid på alt dette byråkratiet.

Reknar med at det er andre ting å bruke tid og pengar på i Eid kommune, enn å krangle om ei slipt bordkledning, som muligens alikevel var uhøvla for 150 år sidan...

Mette Bjørhovde

Fra: Gerd Fløde Bjørlo <Gerd.Flode.Bjorlo@eid.kommune.no>
Til: Mette Bjørhovde <mette@riccovero.no>
Kopi: Alfred Bjørlo <Alfred.Bjorlo@eid.kommune.no>, Kjetil Lote <kjetil.lote@eid.kommune.no>
Emne: SV: Bordkledning i Eidsgata 52

Hei!

No er saka til behandling hos fylkesmannen, jf. at saka vart teken opp til behandling i formannskapet som ei klagesak.

Ta gjerne kontakt igjen når fylkesmannen har handsama klagesaka. Men i utgangspunktet så har kommunen gjort eit vedtak i saka, og det er dette som gjeld. Men fylkesmannen kan sjølvsagt oppheve kommunen sitt vedtak - om fylkesmannen finn at det er grunnlag for det. Kommunen vil då ta fylkesmannen si avgjerd til følgje.

Mvh

Gerd Fløde Bjørlo

Plan-og utviklingssjef

Tlf. 57885863

Epost: gerd.flode.bjorlo@eid.kommune.no

www.eid.kommune.no <http://www.eid.kommune.no/>

www.nordfjordeid.no <http://www.nordfjordeid.no/>

Eid_Inviterer_med hjerte1 liten storleik

Fra: Mette Bjørhovde [mailto:mette@riccovero.no]
Sendt: 18. november 2012 20:35
Til: Gerd Fløde Bjørlo
Kopi: Alfred Bjørlo
Emne: Bordkledning i Eidsgata 52

Hei.

Med tanke på uttale min saksbehandler har kome med i møte med andre søkjarar om meg og mi sak, og ei generelt negativ haldning til meg, ynskjer eg ikkje lenger å forholde meg til Kjetil Lote.

Til eg får ny saksbehandler, forheld eg meg til deg. Eg håper dette er greit for deg.

Eg hadde ein eldre handverkar på besøk i huset mitt tidlegare i høst, og fortalte han då om stoda ang. Borkledninga.

Han kommenterte at han ikkje nødvendigvis trudde det VAR høvla bordkledning som var på huset mitt.

I reguleringsplanen står det noko om at det skal brukast høvla kledning, så sant ein ikkje kan bevise at anna kledning var nytta i utgangspunktet.

Så spørsmålet er; Kven godtar kommuna som fagperson i forhold til å bedømme om dette ( sjå vedlagde bilder)

Er høvla eller uhøvla bord?

Det er utrulig tåpelig å bruke tid og penger på denne saka, om det faktisk er uhøvla bord som er brukt.

Vedlagde bilder viser nærbilder av den gamle kledninga som eg har nytta oppatt i fasaden. Det siste bildet viser den gamle kledninga øverst, og den "nye" under.

Mvh

Mette Bjørhovde

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Arnt Erik Nordheim
Telefon: 57643183
E-post: fmsfhgh@fylkesmannen.no

Vår dato
10.01.2013
Dykkar dato

Vår referanse
2012/4453 - 423.1
Dykkar referanse

Eid kommune
14 JAN. 2013
44/162
11/1749-56
13/305
GFB

Mette Bjørhovde

6770 NORDFJORDEID

# Avvising av klage som gjeld dispensasjon for utskifting av panel, Eid kommune

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fekk 19.10.2012 inn klagesak som gjeld dispensasjon for å skifte panel på bustadhuset på eigedomen gbnr. 44/162, Eidsgata 52.

**Vilkåra for å ta klaga til handsaming er ikkje stetta. Med heimel i forvaltningslova § 34 første ledd avviser Fylkesmannen klaga frå Mette Bjørhovde.**

## Bakgrunn for saka

Den 13.07.2012 søkte du om fasadeendring i samband med rehabilitering og tilbygg til bustadhuset i Eidsgata 52. Du søkte mellom anna om dispensasjon for å skifte vindauge og bruke uhøvla utvending kledning på bygningen.

Eid kommune gjorde 31.07.2012, i saknr. 232/12, vedtak der det vart gjeve dispensasjon for å skifte vindauge, men ikkje for å nytte uhøvla kledning. Vedtaket er i stor grad basert på fråsegna frå fagrådet for Eidsgata og Tverrgata. Saman med melding om vedtaket gav kommunen informasjon om klagerett og klagefrist. Du sende ikkje inn klage på vedtaket innan fristen.

I ettertid gjennomførte kommunen tilsyn med byggverket, det vart konstatert at du hadde nytta uhøvla bordpanel i strid med vedtaket, jf. brev datert 28.09.2012. Byggjearbeidet på eigedomen var allereie utført, og kommunen kom derfor til at det ikkje var grunn til å gje pålegg om stans. I e-post datert 14.12.2012 skriv du at kommunen var kjent med planane om å bruke slipt bordkledning allereie i april 2012, og du stiller deg undrande til kvifor arbeidet ikkje vart stansa på dette tidspunktet.

Den 11.10.2012 skreiv du fleire e-postar til kommunen, der du mellom anna bad om at korrespondansen vart vurdert som ei klage på vedtaket 31.07.2012. Trass i fleire purringar har ikkje Fylkesmannen fått den fullstendige korrespondansen mellom deg og kommunen i samband med klagen.

Formannskapet handsama klagesaka 17.10.2012, men kunne ikkje sjå at klagen gav grunn til å gjere om på vedtaket i sak 232/12. Saka vart sendt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for endeleg avgjerd.

I brev til Fylkesmannen datert 14.11.2012 skriv kommunen at saka er prinsipielt viktig for området Eidsgata og Tverrgata, som gjennom reguleringsplan er markert som område for bygningsvern. Eit avslag i saka kan føre til krav om tilbakeføring eller retting av byggjearbeidet og får såleis store konsekvensar for deg. Kommunen reknar elles med at

avgjerda i saka vil skape presedens for området. Ut frå ei samla vurdering av desse tilhøva valde kommunen å gje fristoppreising i saka.

**Regelverk**
Fylkesmannen er delegert mynde til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet. Fylkesmannen skal som klageinstans sjå til at kommunen si handsaming av saka er i samsvar med dei sakshandsamingsreglane, lovene og forskriftene som gjeld for saksområdet. Fylkesmannen kan ved handsaming av klagen prøve alle sider av vedtaket, og kommunen sine skjønnsmessige vurderingar, jf. forvaltingslova § 34. I vurderinga skal Fylkesmannen leggje vekt på kommunen sitt sjølvstyre.

Forvaltningslova kapittel VI gjev føresegner om retten til å klage. Etter § 29 er klagefristen tre veker frå parten fekk melding om vedtaket. Om oversitting av klagefrist gjeld § 31:

*Selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt*
*a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller*
*b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.*

Dersom vilkåra for å handsame klaga ikkje ligg føre, har Fylkesmannen plikt til å avvise saka, jf. forvaltningslova § 34 første ledd.

**Fylkesmannen si vurdering**
Eid kommune gjorde sitt vedtak 31.07.2012. Du fekk då informasjon om klagerett og klagefrist. Du mottok også skjema som kunne fyllast ut for å nytte klageretten. Kommunen vart først 11.10.2012 orientert om at du ville klage på vedtaket. Kommunen valde å ta klagen til handsaming, og har grunngjeve dette i brev til oss 14.11.2012. Fylkesmannen er ikkje bunden av kommunen sine vurderingar.

Vi kan ikkje sjå at kommunen har forsøkt å godtgjere at du ikkje kan lastast for ikkje å ha halde klagefristen, jf. forvaltingslova § 31 bokstav a. Det er heller ikkje opplysningar i klagen som grunngjev kvifor du har drygd med å klage. Vi har derfor bedt deg om å kome med utfyllade opplysningar på dette punktet. Vi kan ikkje sjå at du i e-posten datert 14.12.2012 viser til forhold som tilseier at du var forhindra frå å klage innan fristen. Det er ikkje heldig dersom kommunen tidlegare var kjent med byggjearbeidet, utan å gjere vedtak om stans. Tiltaket er likevel utført utan dispensasjon. Fylkesmannen kan ikkje sjå at du var i god tru etter at du mottok avslaget frå kommunen. Vi viser til at du stod fritt til å sende inn ei enkel fristavbrytande klage, men at du ikkje gjorde dette før etter at kommunen opna tilsyn 28.09.2012. Fylkesmannen meiner difor at det ikkje er grunnlag for å ta opp att saka på bakgrunn av vilkåra i § 31 bokstav a.

Eid kommune hevdar at det er særlege grunnar til at klagen skal prøvast, jf. forvaltingslova § 31 bokstav b, sidan det er ei prinsipielt viktig sak for kommunen som kan føre til presedens. Kommunen har vidare lagt vekt på at avslaget i saka kan utløyse krav om å fjerne den monterte kledningen. Kommunen presiserer elles at du fleire gonger har fått informasjon om gjeldande føresegner.

Retten til å klage og å få klagen sin prøvd er ein vesentleg del av kontrollen med statsforvaltinga. Gjennom å klage får parten handsama saka i to instansar. Retten er avgrensa gjennom formkrav til sjølve klagen og ein frist for å klage. Formkrava er sett for å hindre at vilkårlege og ufullstendige klager forsinkar sakshandsaminga. Klagefristen på tre veker skal sikre at eventuelle andre partar med motstridande oppfatning får vern for sine

interesser. Eit anna formål med fristen er å gje både partane og forvaltninga ein tryggleik for at saka er endeleg avslutta.

Kommunen har vist til at saka bør takast opp att av omsyn til kostnad og meirarbeid for deg. Dette er ein heilt vanleg risiko, som du har akseptert ved ikkje å innrette deg etter formannskapet sitt vedtak. Vi kan ikkje sjå at økonomiske konsekvensar er ein særleg grunn som gjer det rimeleg at klaga vert prøvd, når den opphavlege avgjerda er i tråd med det som er fastsett i reguleringsplanen. Vi viser elles til at kommunen har plikt til å følgje opp avvik frå plan- og bygningslova, men kan late vere å følgje opp avvik som har mindre betyding for regelverket.

Eid kommune viser til at saka er prinsipielt viktig for deira del, spesielt av omsyn til presedensverknader som følgje av vedtaket. Vi kan ikkje sjå at reguleringsføresegnene er så uklare at denne saka har prinsipiell verknad tolking eller praktisering av reguleringsplanen. Fylkesmannen meiner at motstriden mellom det utførte tiltaket og pkt. 5.1.3 er klar. Det går elles fram av føresegnene at tiltaket ikkje krev dispensasjon dersom det kan dokumenterast at opphavleg kledning og listverk ikkje har vore høvla. Vi har ikkje vurdert nærare om dokumentasjonskravet kan vere innfridd i denne saka.

Det ligg heller ikkje føre andre tilhøve som tilseier at det er rettsleg tvil om innhaldet i planen. Sjølv om det er lite truleg at ei fristoppreising ville ha hatt innverknad på andre partar sine rettar eller plikter, tilseier ikkje dette åleine at klaga bør handsamast. Fylkesmannen legg vekt på at klagefristen er overskriden med om lag 1,5 månader, og at formannskapet sitt vedtak er treft ut frå ein klar og eintydig reguleringsplan. Vi kan då ikkje sjå at det er særlege grunnar som gjer det rimeleg at du får prøvd dispensasjonssøknaden på nytt. Det er dermed ikkje grunnlag for å gje fristoppreising, og vi har derfor kome til at klaga må avvisast.

Når klaga er fremja for seint, og det heller ikkje er grunnlag for å gje fristoppreising, har Fylkesmannen plikt til å avvise saka, jf. ordlyden "skal" i forvaltningslova § 34 første ledd. Spørsmålet om fristoppreising allereie er vurdert av kommunen som førsteinstans. Det er derfor ikkje klagerett på vårt vedtak.

**Vedtak**
**Vilkåra for å ta klaga til handsaming er ikkje stetta. Med heimel i forvaltningslova § 34 første ledd avviser Fylkesmannen klaga frå Mette Bjørhovde.**

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast vidare, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd bokstav b.

Med helsing

Anne Kristin Kayser
juridisk sjef

Arnt Erik Nordheim
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent.*

Kopi til
Eid kommune    Rådhusvegen 11    6770    NORDFJORDEID

# EID KOMMUNE
PLAN-OG UTVIKLINGSAVDELING

Mette Bjørhovde
6770 NORDFJORDEID

| Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: |
|---|---|---|
| 11/1749-57/GBNR-44/162, K2-L42//KJLO | | 25.01.2013 |

## TILSYN - EIDSGATA 52 - METTE BJØRHOVDE

### Bakgrunn:
Viser til brev med varsel om opning av tilsyn datert 28.09.2012.

Etter at tilsyn vart opna så har klage på administrativt vedtak 232/12 vore teke opp i formannskapet for Eid kommune i saksnummer 156/12. I dette formannskapsmøtet vart det røysta og vedteke følјande:

*«Med heimel i forvaltningslova § 33, jf føresegnene pkt. 5.1.3 i Reguleringsplan for Nordfjordeid sentrum, vert klage over vedtak i sak 232/12 ikkje teken til følgje.*

*Klagen vert sendt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for avgjerd.»*

Saka angåande bordkledning vart derfor sendt Fylkesmannen for avgjerd. I brev frå Fylkesmannen datert 10.01.2013 heiter det avslutningsvis:

*«Vedtak*
*Vilkåra for å ta klaga til handsaming er ikkje stetta. Med heimel i forvaltningslova § 34 første ledd avviser Fylkesmannen klaga frå Mette Bjørhovde.»*

**Etterlysing av tilbakemelding:**
Med tilvising til nemnte forhold ovanfor ber administrasjonen Dykk om å gje ei skriftleg tilbakemelding vedkomande status for byggverket, og kva eigar eventuelt vil gjere for å imøtekome punkt 5.1.3. i føresegnene. Frist for tilbakemelding vert sett til 15. februar 2013.

Bygningsstyresmakta kan vidare gjennomføre synfaring i bustadhuset, saman med eventuelle andre aktuelle styresmakter. Dersom tilsynet viser at det er grunn til vidare granskingar, kan kommunen utføre tekniske prøver for eigar si rekning, for deretter å slå fast kva tiltak som må gjerast for å utbetre bygget. Det vil bli gjeve ein frist for å rette påpeika tilhøve. Kommunen kan vidare gje pålegg for å sikre at naudsynte tiltak vert gjennomført, jf pbl. kapittel 32.

Postadr.: Rådhusvegen 11 6770 Nordfjordeid Kontoradresse: Rådhusvegen 11 org.nr: 938521816
Telefon: 57 88 58 00
Telefaks: 57 88 58 01
Bankgiro: 3790.07.00130 5398.05.01120
E post: post@eid.kommune.no Heimeside: http://www.eid.kommune.no

Vi ber dykk om å ta kontakt med sakshandsamar dersom de har spørsmål.

Med helsing

Gerd Fløde Bjørlo
Plan-og utviklingssjef

Kjetil Jon Lote
Rådgjevar
E-post: Kjetil.Lote@eid.kommune.no
Tlf: 57 88 58 05

Eid kommune
Dato: 19 FEB. 2013
Arkivkode: / 44/162
Sak.nr.: 11/749-58
L.nr.: 13/1874
Saksh. KTLO

**Nordfjordeid 13.02.13**

**<u>Svar på brev frå Eid kommune, ang Bordkledning i Eidsgata 52.</u>**
**( SJÅ VEDLEGG 1)**

**Status for bygget i Eidsgata 52:**

- Råtne underbjelker er bytta ut.

- Lekkasje i tak er stoppa, råte som følge av denne lekkasjen er stoppa, og bjelker bytta ut.( sjå vedlegg 3)
- Råte i vinduskarmer, grunna lekkasje rundt vindauga er behandla, og lekkasjen stoppa.

- Det er satt i verk tiltak for å stoppe aktiv mott.

- For å forsikre meg om at taket ikkje vil gje framtidige lekkasjer er steinen tatt ned, og nytt undertak lagt. Steinen vil bli satt oppatt sommaren 2013.

- Aspesthaldige plater er teke ned frå taket mot Loteveien, og vil bli erstatta med skiferstein ( tilsvarande den originale) sommaren 2013.

- Vindauge frå 50-60-talet er bytta ut, og er tilbakeført i stil. ( sjå vedlegg 2, )

- Original kledning er teke ned. Det som var brukande er satt oppatt i fasaden mot Eidsgata etter ønskje frå Kultur avdelinga i fylket, ved Knut Aaland.
(sjå vedlegg 2 ) Dei borda som ikkje er original kledning er slipte, og måla 3 strøk. Desse er spesial laga i samme tjukkelse og i ulike breidder for å passe ilag med dei originale borda.
- Vidare er det satt opp uhøvla bord på endeveggane. Desse er først grunna, så slipt og seinare måla 3 ganger.

- Original døra vil bli restaurert om skadene ikkje er for store.
I så tilfelle vil den bli kopiert.

- Listverk er/vil bli kopiert frå det som er originalt. Den originale og spesielle lista over hovedinngangen vil bli satt opp at slik den var, då skadene er opprettbare.

- " Diamant vindauga" i endeveggane vert tilbakeført i stil, men spesiallaga med termopan glas, for å etterkome dagens energi krav.

- Dei spesielle avsluttningane på vindskeidene vill bli kopiert og/eller brukt oppatt originalt ( nokre er for råtne til å brukast)

**Eg vil gjerne poengtere at Eid kommune ikkje på noko tidspunkt i prosessen har gjeve meg fagleg rettleiing , eller gjeve økonomisk bistand til prosjektet.**

**Når det gjeld å imøtekome pkt 5.1.3 i føresegnene:**
I pkt. 5.1.3 heiter det m.a: " **Utvendig kledning og listverk skal vere høvla viss ikkje anna kan dokumenterast som opprinnelig"**
Eg har teke ned bord frå huset mitt som utan tvil er uhøvla. Desse har fortsatt dei handsmidde spikarane i seg. Og må derfor kunne reknast å vere dei eldste borda på huset. Eg kan altså dokumentere at anna kledning enn høvla er opprinnelig. ( sjå vedlegg 4) Fleire bord som desse kan framvisast administrasjonen om ønskjeleg.
I arka er bordkledninga utan tvil HØVLA. Arka vart satt opp rundt 1920-30.
Den originale bygningskroppen er truleg frå rundt 1845.
Bordkledninga i arkbygget var i mykje betre stand enn kledninga på resten av huset og er så å seie i sin heilheit satt oppatt originalt, derfor imøtekjem eg pkt 5.1.3 også i denne delen av bygget. ( sjå vedlegg 2)

Eg ser gjerne at vi tek eit møte ang denne saka, og kjem fram til ei rettferdig og konstruktiv løysing.
For meg er det psykisk tøft å verte anklaga av administrasjonen på denne måten.
Og dette fordi eg har satt slipt material opp på mitt eige hus.
Eg har heile tida vert åpen og ærleg i dialogen med Eid kommune.
Viser til møtet eg hadde den 24.04.12 med sjef for plan og utvikling Gerd F. Bjørlo og ordførar Alfred Bjørlo.
Eg opplyste her om mine planar for bordkledninga. Då var arbeidet mitt knapt påbegynt.
Ordføraren sa han forstod kvifor eg valde å gjere som eg hadde planer om.
Sjef for plan og utvikling bad meg kun om å orientere sakshandsamar.
Eg opplevde dette som eit samtykke, og at det kun var ein formalitet som skulle til.
Og i god tru fortsatte eg arbeidet med å sette opp og slipe bordkledninga.

Eg var og seinare innom kommuna for å få oppklaring i ein mail som var motstridande med dette. Sakshandsamar var ute av kontoret, og igjen sa sjef for plan og utvikling at det berre var ein orientering om planane mine sakhandsamar ville ha. ( Søknad/orientering sent 3.juni)
Verken då eller under møtet den 24.04.12 vart det nemt noko om at eg måtte søke om dispensasjon fordi dette var eit alvorleg brot på reguleringsplanen.
Det ryddigaste hadde vore å opplyst meg om dette allerede den 24.04.12.

**Fylkesmannen seier dette om saka; " Det er ikkje heldig dersom kommunen tidlegare ( enn 28.09.12) var kjent med byggearbeidet, utan å gjere vedtak om stans."**

**Ny sakshandsamar.**
Eg viser til tidligare krav om å få ny sakshandsamar.
Eg meinar eg har rett på ny sakshandsamar utan å grunngje kvifor.
Men De er allerede klar over grunnen. Brot på taushetsplikt og nedlatande omtale av mi sak og meg som person i møte med andre søkjarar bør vere grunn nok.
Eg meiner og at det er gjort fleire sakshandsamingsfeil når det gjeld måten saka mi er lagt fram på både for fylkesmannen, formannskapet og for fagrådet.
Eg forheld meg difor til Gerd F Bjørlo, til eg får ny sakshandsamar .

I og med vi alle veit at det ER slipt bordkledning eg har satt opp på huset mitt, og ikkje høvla, trur eg at "gransking " utført av "eventuelle andre aktuelle styresmakter" og "tekniske prøver " på mi rekning vil vere unødvendig. Eg har aldri nekta for dette.
Ref. Møtet med sjef for plan og utvikling og ordførar 24.04.12.

Mvh
Mette Bjørhovde

**Kopi av denne mailen vert sendt til :**
Ordførar i Eid, Alfred Bjørlo
Knut Åland, Kulturavdelinga Sogn og Fjordane
Arnt Erik Nordheim, rådgjevar for Fylkesmannen
Kjell Udberg, representant for fagrådet i Eid kommune

Eid kommune
Dato: 13 MARS 2013
Arkivkode: 44/162
Sak.nr.: 11/1749-61
L.nr.: 13/2845
Saksh. GFB

Fra: Mette Bjørhovde [mailto:]
Sendt: 11. mars 2013 20:02
Til: Gerd Fløde Bjørlo
Kopi: Alfred Bjørlo
Emne: VS: Bordkledning Eidsgata 52.

Oslo 10/3-2013

Viser til ditt siste brev til meg i denne saka.

Her kjem du med ein påstand om at «skaden» allerede var skjedd då du og Ordføraren vart invitert ned til meg 24.April 2012.

Dette er ikkje tilfelle.

Eg hadde knapt satt opp 4 fjøler på den første endeveggen.

I tilfelle du og Ordføraren har «glømt» at dette var tilfelle, kan eg dokumentere dette ved digitale bilder som er dato merkte.

Dette er rett og slett løgn frå di side.

Du sa heller ingenting om å stanse arbeidet på dette møtet.

Eg trur Ordføraren avslutta møtet med: « Du gjer ein viktig jobb, og vi i Eid kommune skal gjere alt vi kan for å hjelpe deg»....

Den andre endeveggen arbeidde eg med då Ordføraren hadde visnining av huset mitt då Eid var med i ei kåring av Noregs beste tettstad og bu i.(...)

Han ville vise den positive bevaringa av dei gamle husa i sentrum for juryen.( .....)

Her har eg heile denne juryen som vitner på at dette var tilfelle.

Hadde Eid kommune gitt beskjed om at arbeidet ikkje kunne fortsette utan å søkje om dispensasjon, hadde dette spart meg for mykje tid og penger.

PS: Riktig svar er bordkledning B...

# EID KOMMUNE
PLAN-OG UTVIKLINGSAVDELING

Mette Bjørhovde
Haugen
6770 NORDFJORDEID

| Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: |
|---|---|---|
| 11/1749-62/GBNR-44/162, K2-L42//KJLO | | 13.03.2013 |

## MELDING OM VEDTAK - EIDSGATA 52 - METTE BJØRHOVDE

Det er gjort føljande vedtak i saka:

**VEDTAK:**
Med heimel i plan- og bygningslova § 32-2 vert Mette Bjørhovde varsla om pålegg om retting. Rettinga gjeld bordkledning til endeveggar for bustadhus på gbnr. 44/162 i Eid kommune jf brev datert 22.02.2013. Det vert gjeve høve for tiltakshavar til å uttale seg i saka. Frist for uttale og retting av dei ulovlege tilhøva vert sett til 26.04.2013.

Manglande uttale eller manglande stadfesting for oppfølging av retting innan fristen, vil medføre at det vert gjeve pålegg for retting eller vedtak om tvangsmulkt.

Eigar vert vidare gjort merksam på at manglande oppfylling av eventuelt pålegg innan nærmare fastsett frist, vil også kunne følgjast opp med førelegg som kan få same verknad som rettskraftig dom.

Gebyr vert fastsett etter ekstra tid medgått. Dette er i.h.h.t punkt 19 i Eid kommune sitt gebyrregulativ jf pbl. § 33-1.

Vedtaket kan påklagast, jf Lov om behandlingsmåten i forvaltningen av 10. februar 1967 (forvaltningslova) kapittel VI. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt melding om vedtaket er kome fram til vedkomande part, jf forvaltningslova § 29. Klageskjema er vedlagt.

Viser elles til vedlagde saksutgreiing.

Med helsing

Gerd Fløde Bjørlo
Plan-og utviklingssjef


| Postadr.: | Telefon: | Telefaks: | Bankgiro: | E post: |
|---|---|---|---|---|
| Rådhusvegen 11 | 57 88 58 00 | 57 88 58 01 | 3790.07.00130 | post@eid.kommune.no |
| 6770 Nordfjordeid | | | 5398.05.01120 | Heimeside: |
| Kontoradresse: | | | | http://www.eid.kommune.no |
| Rådhusvegen 11 | | | | |
| org.nr: 938521816 | | | | |

# EID KOMMUNE
## Møtebok – Adm.vedtak

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Saksansv.** |
| Administrativt vedtak v/plan-og utviklingssjefen | 13.03.2013 | 089/13 | GFB |

| | | |
|---|---|---|
| **Saksbeh:** .: Kjetil Lote | **Arkiv:** GBNR-44/162, K2-L42 L42 **Objekt:** | **Arkivsaknr** 11/1749 – 60 |

## VARSEL OM PÅLEGG - EIDSGATA 52 - METTE BJØRHOVDE

### Saksdokument:

| N | T | Dok.dat | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 4 | I | 19.09.2011 | Nordplan as | Nabovarsel |
| 1 | I | 29.09.2011 | Nordplan as | Byggemelding - Eidsgata 52 |
| 2 | U | 30.09.2011 | Nordplan as | Manglar ved søknad - Tilbygg til bustadhus - Mette Bjørhovde |
| 3 | I | 30.09.2011 | Nordplan as | Manglar ved søknad - Tilbygg - Mette Bjørhovde |
| 5 | I | 18.10.2011 | Nordplan as | Oversending av manglande dokument |
| 6 | U | 21.10.2011 | Sogn og Fjordane fylkeskommune | Oversending til uttale - Tilbygg til bustadhus på gnr. 44 bnr. 162 i Eid kommune - Mette Bjørhovde |
| 7 | I | 09.11.2011 | Sogn og Fjordane fylkeskommune | Uttale til saka |
| 8 | U | 18.11.2011 | Nordplan AS att. Rune Nordvik | Ber om tilbakemelding - Uttale frå kulturminnestyresmakta - Tilbygg til bustad i Eidsgata 52 |
| 9 | I | 01.12.2011 | Nordplan AS att. Rune Nordvik | Tilbakemelding |
| 12 | U | 06.12.2011 | Arve Espe; Eli Karin Bergheim Helgesen; Jon Harshagen; Kjell Aage Udberg | Møteinnkalling - Fagråd for Eidsgata og Tverrgata - Tiltak på gbnr. 44/162 i Eid kommune |
| 14 | U | 30.01.2012 | Sogn og Fjordane fylkeskommune | Oversending av uttale - Ber om tilbakemelding |
| 11 | U | 14.03.2012 | feilregistrering | feilregistrering |
| 15 | I | 11.04.2012 | Mette Bjørhovde | Nye teikningar |
| 16 | U | 23.04.2012 | Sogn og Fjordane fylkeskommune | Oversending til uttale - Tilbygg til bustadhus på gnr. 44 bnr. 162 i Eid Kommune - Mette Bjørhovde |
| 18 | I | 25.04.2012 | Nordplan as | Nye teikningar frå Mette Bjørhovde. |
| 17 | U | 26.04.2012 | Sogn og Fjordane fylkeskommune | Oversending til uttale - Skisse av tilbygg bustadhus gbnr. 44/162 - Mette Bjørhovde |
| 19 | U | 16.05.2012 | Fagrådet for Tverrgata og Eidsgata | Oversending til uttale - Fagrådet - Skisse av tilbygg bustadhus - Mette Bjørhovde |
| 23 | I | 21.05.2012 | Rune Nordvik | SV: Tilbygg til bustadhus m.m. Gbnr. 44/162 |
| 21 | I | 01.06.2012 | Sogn og Fjordane fylkeskommune | Uttale til tilbygg bustadhus |
| 22 | I | 05.06.2012 | Mette Bjørhovde | Søknad / orientering vedk. fasadeendringar på Eidsgata 52 |
| 25 | S | 20.06.2012 | Kjetil Lote | Eidsgata 52. Gbnr. 44/162 |
| 26 | I | 22.06.2012 | Mette Bjørhovde | VS: Søknad/ orientering ang fasadeendringar på Eidsgata 52 |
| 24 | U | 28.06.2012 | Mette Bjørhovde | Tilbakemelding - Rehabilitering i Eidsgata 52 - Mette Bjørhovde |
| 27 | I | 13.07.2012 | Mette Bjørhovde | Søknad om dispensasjon for fasade av Eidsgata 52 |
| 29 | U | 31.07.2012 | Mette Bjørhovde | Melding om vedtak - Rehabilitering og tilbygg. Eidsgata 52 - Mette Bjørhovde |
| 31 | U | 09.08.2012 | Mette Bjørhovde | Melding om vedtak - Endring av eksisternade tilbygg. Eidsgata |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 52 - Mette Bjørhovde |
| 34 | I | 10.08.2012 | Mette Bjørhovde | Teikning av endra tilbygg. Eidsgata 52 |
| 35 | I | 13.08.2012 | Mette Bjørhovde | Gjenpart av nabovarsel |
| 37 | U | 23.08.2012 | Mette Bjørhovde | Rehabilitering av bustadhus - Ber om tilbakemelding |
| 38 | I | 24.08.2012 | Kr.A.Vik | Søknad om ansvarsrett |
| 36 | U | 24.08.2012 | feilregistrering | feilregistrering |
| 39 | U | 03.09.2012 | Sogn og Fjordane fylkeskommune | Oversending av vedtak - Tilbygg Eidsgata 52 - Mette Bjørhovde |
| 40 | U | 04.09.2012 | Mette Bjørhovde | Melding om vedtak - Oppføring av tilbygg. Eidsgata 52 - Mette Bjørhovde |
| 41 | I | 11.09.2012 | Mette Bjørhovde | Tilbakemelding angåande bordkledning. Eidsgata 52. |
| 42 | I | 25.09.2012 | Sogn og Fjordane fylkeskommune | Eid - gbnr. 44/162 - tilbygg til bustad - klage på vedtak |
| 44 | U | 28.09.2012 | Mette Bjørhovde | Opning av tilsyn - Renovering av bustadhus. Eidsgata 52 - Mette Bjørhovde |
| 45 | U | 28.09.2012 | Mette Bjørhovde | Klage på vedtak. S og F Fylkeskommune. Eidsgata 52 |
| 47 | U | 19.10.2012 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Oversending til avgjerd - Dispensasjon. Oppføring av tilbygg. Eidsgata 52 - Mette Bjørhovde |
| 48 | U | 19.10.2012 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Oversending til avgjerd - Klage. Skifte av bordkledning - Mette Bjørhovde |
| 52 | I | 11.11.2012 | Ordførar Alfred Bjørlo | Vedr politisk handsaming |
| 51 | I | 11.11.2012 | Mette Bjørhovde | Klage på vedtak |
| 49 | I | 12.11.2012 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Innhenting av opplysningar om dispensasjon for skifte av bordkledning på gbnr. 44/162 i Eid kommune |
| 20 | U | 13.11.2012 | Nordplan AS att. Rune Nordvik | Manglande søknad - Tilbygg til bustadhus. Eidsgata 52 - Mette Bjørhovde |
| 50 | U | 14.11.2012 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Opplysningar om dispensasjon - Skifte av bordkledning på gbnr. 44/162. Eid kommune - Mette Bjørhovde |
| 53 | I | 20.11.2012 | Mette Bjørhovde | Bordkledning i Eidsgata 52 |
| 54 | U | 27.11.2012 | Mette Bjørhovde | Bordkledning i Eidsgata 52 |
| 55 | I | 12.12.2012 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Vedtak i klagesak som gjeld dispensasjon for oppføring av tilbygg på eigedomen gbnr 44/162 |
| 56 | I | 11.01.2013 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Avvising av klage - Eid kommune - dispensasjon for utskifting av panel |
| 58 | I | 13.02.2013 | Mette Bjørhovde | Svar på brev frå Eid kommune ang. bordkledning i Eidsgata 52 |
| 59 | U | 26.02.2013 | Mette Bjørhovde | Tilbakemelding - Eidsgata 52 - Mette Bjørhovde |
| 57 | U | 13.03.2013 | Mette Bjørhovde | Tilsyn - Eidsgata 52 - Mette Bjørhovde |

## Saksopplysningar:

Eigedom: Gbnr. 44/162
Tiltakshavar: Mette Bjørhovde

## VARSEL:

Med heimel i Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 § 32-2 vert det med dette varsla for pålegg om å skifte bordkledning for bustadhus på gbnr. 44/162.

## Bakgrunn og grunngjeving:

Viser til brev datert 25.01.2013 og 22.02.2013. I brev datert 25.01.2013 heiter det føljande:

*«Med tilvising til nemnte forhold ovanfor ber administrasjonen Dykk om å gje ei skriftleg tilbakemelding vedkomande status for byggverket, og kva eigar eventuelt vil gjere for å imøtekome punkt 5.1.3. i føresegnene. Frist for tilbakemelding vert sett til 15. februar 2013.»*

Administrasjonen mottok 14.02.2013 ein e-post med tilbakemelding for status til bustadhuset i Eidsgata 52 og kva tiltakshavar planlegg å gjere. I tilbakemeldinga vert det opplyst om ein ynskjer å skifte «diamantvindauge» ut med termopanvindauge for å stette dagens energikrav m.m. Vidare i e-posten har tiltakshavar m.o.a. framlagt sine synspunkt for spørsmålet om kva som skal gjerast for å imøtekome pkt. 5.1.3. i føresegnene. Tiltakshavar fastheld sitt krav om ny sakshandsamar.

Administrasjonen skriv som eit tilsvar til e-posten datert 14.02.2013 eit brev datert 22.02.2013. I brevet er det skreve kva som må gjerast for å stette krava i føresegnene punkt 5.1.3. Det er skreve føljande:

*«På bakgrunn av dei faktiske forhold slik dei er i dag, ser ein at å ta ned bordkledninga som er nytta på veggen mot Eidsgata vil skade dei gamle borda som er nytta der dersom ein krev dette. Det vert derfor ikkje sett som eit krav frå Eid kommune om at denne veggen skal takast ned igjen.*

*På dei to endeveggane mot nord og sør samt vegg mot aust skal det derimot nyttast høvla bordkledning i.h.h.t føresegnene punkt 5.1.3. Det vil i praksis seie at desse må takast ned og erstattast med høvla bordkledning med same bredde og utforming som den gamle bordkledninga.»*

Vidare i oppsummeringa av brevet heiter det:

*«Kommunen må som forvaltningsmyndigheit følgje opp dei vedtak som er gjort. Vi ber derfor om tilbakemelding innan 12. mars 2013 på brev frå plan-og utviklingsavdelinga datert 25.01.2013 der vi ber om tilbakemelding på kva som blir gjort for å gjennomføre dei vedtak som er gjort av Eid kommune med omsyn til skifte av utvendig kledning. Vi ber også om tilbakemelding knytt til dei endringane som er skissert over og som må vere i tråd med reguleringsplanen sine føresegner og dei tilbakemeldingane du tidlegare har fått.»*

Administrasjonen mottek 11.03.2013 e-post frå tiltakshavar der det ikkje vert gjeve noko tilbakemelding for kva tiltakshavar vil gjere for å gjennomføre dei vedtak som er gjort av Eid kommune med omsyn til skifta av utvendig kledning. Som vist ovanfor dreier det seg om endeveggane. Det vert heller ikkje gjeve tilbakemelding for endringane som har vore skissert og som må vere i tråd med reguleringsplanen. Som eksempel «diamantvindauga» i endeveggane.

Eid kommune sitt gebyrregulativ opnar for eit gebyr etter medgått tid i saker om pålegg etter pbl. §§ 32-3 og 32-4.

**VEDTAK:**
Med heimel i plan- og bygningslova § 32-2 vert Mette Bjørhovde varsla om pålegg om retting. Rettinga gjeld bordkledning til endeveggar for bustadhus på gbnr. 44/162 i Eid kommune jf brev datert 22.02.2013. Det vert gjeve høve for tiltakshavar til å uttale seg i saka. Frist for uttale og retting av dei ulovlege tilhøva vert sett til 26.04.2013.

Manglande uttale eller manglande stadfesting for oppfølging av retting innan fristen, vil medføre at det vert gjeve pålegg for retting eller vedtak om tvangsmulkt.

Eigar vert vidare gjort merksam på at manglande oppfylling av eventuelt pålegg innan nærmare fastsett frist, vil også kunne følgjast opp med førelegg som kan få same verknad som rettskraftig dom.

Gebyr vert fastsett etter ekstra tid medgått. Dette er i.h.h.t punkt 19 i Eid kommune sitt gebyrregulativ jf pbl. § 33-1.

Ørjan Raknes Forthun
Rådmann

Gerd Fløde Bjørlo
Plan-og utviklingssjef

Eid kommune

Dato: 13 MAI 2013
Arkivkode: 44/162-L42
Sak nr.: 11/1749-66
L.nr.: 13/5429
Saksh.: GFB

Fra: Mette Bjørhovde [mailto:mette@riccovero.no]
Sendt: 6. mai 2013 09:40
Til: Gerd Fløde Bjørlo
Kopi: Alfred Bjørlo; Elin Leikanger
Emne: Merknad til Vedtak om riving av bordkledning, Eidsgata 52.

Nordfjordeid 05.04.13

Merknad til varsel om riving av bordkledning i Eidsgata 52.

Veilednings plikt.

24.04.12 Inviterte eg ordføraren ned til huset mitt, han tok med seg sjef for plan og utvikling Gerd F. Bjørlo.

Her vart m.a bordkledninga diskutert. Eg la fram mine planar om å sette opp uhøvla bordklednig, for så å slipe den.

Dette etter råd frå fagfolk. Dette ville gjere at malinga sat betre fast, og ved å slipe kledninga ville eg oppnå det utrykket som høvla material gir.

Ordføraren sa han forstod dette. Og Gerd F. Bjørlo bad meg orientere saksbehandler om planen.

Det vart og diskutert gjenbruk av den orginale bordkledninga.

Dette vart eg sterkt oppfordra til, og då spesielt til å bruke denne kledninga i fasaden mot Eidsgata.

Dette er no gjort, og ca 80% av fasaden mot Eidsgata er i dag orginal bordkledning.

Eg oppfatta dette møtet som veiledande og konstruktivt.

Det vart forøvrig avslutta med orda; "Vi i Eid kommune skal gjere det vi kan for å hjelpe deg, du gjer ein viktig jobb for kommuna."

Kommuna har ei veiledningsplikt ovanfor meg som søkjar.

Om dette var i strid med reguleringsplanen og kravde ein dispensasjonssøknad burde eg vorte opplyst om dette, og arbeidet mitt burde vore stansa etter at kommuna fekk desse opplysningane av meg.

Då dette møtet fann stad, hadde eg kun begynt på den første endeveggen.

I seinare tid har eg fått høyre at naboen min har fått opplysningar om mi bordkledning i mai 2012. ( Sjå

vedlegg 1.)

Det minste eg som søkjar bør ha krav på er å få vite det som naboane mine får informasjon om.

Hadde eg fått denne informasjonen då naboane mine fekk den, hadde eg spart meg mykje tid, penger og frustrasjon.

Eg meiner Eid kommune har brote si veiledningsplikt ovanfor meg som søkjar.

Eg handla i god tru då eg satte opp denne kledninga.

"Om ikkje anna kan bevisast som orginalt skal det brukast høvla material"

-Heiter det i reguleringsplanen til Eid kommune.

Eg har fleire gonger vist til at eg har teke ned uhøvla material frå huset mitt. Desse har handsmidde spikar fortsatt i seg, og kan derfor bevisast å vere den opprinnelege bordkledninga. (Sjå vedlegg 2)

Fylkes kulturminne avd. kan eller vil ikkje vere ein part i denne saka. Men har uttalt at det som var vanleg var anten høvla bordkledning med fals, eller uhøvla kledning utan fals. Det finnast ingen fals på mi orginale kledning.

Dette har kommunen konsekvent latt vere å kommentere.

Bagatellmessig betydning.

18.2.3.4 Rimelighet og samordning

Det fremgår av plan- og bygningsloven § 116 b første ledd at sanksjoner skal stå i rimelig forhold til ulovligheten, samt at flere ulike typer sanksjoner må samordnes slik at overtredelsen ikke rammes på en urimelig måte. Graden av eventuell uaktsomhet hos den ansvarlige, grovheten av overtredelsen samt mulige fordeler av overtredelsen skal særlig tas hensyn til ved utferdigelsen av sanksjoner.

Plan- og bygningsloven § 116 b andre ledd gir plan- og bygningsmyndighetene adgang til å la være å forfølge overtredelser av bagatellmessig betydning. En beslutning om dette er ikke å anse som et enkeltvedtak.

I mi sak står det om høvla eller slipt bordkledning.

Eg meiner at dette må vurderast som ein bagatellmessig betydning, sett i samanheng med det andre arbeidet eg har lagt ned i å bevare, og tilbakeføre stilen på huset. (Sjå vedlegg 3.)

Det er beklagelig at Eid kommune vel å lage ei prinsippsak utav mi sak, då eg heile tida har prøvd å ha ein åpen dialog med kommuna.

For meg verkar det som ein har vore meir opptatt av sanksjonar, enn veiledning.

Det er ei kjent sak at mange bytter tak, set opp uhøvla bordkledning og set nye dører gjennom fasaden i verna områder, UTAN å kontakte kommuna.

Eg forstår i ettertid godt kvifor dette vert gjort, då kommunen aldri truar med tvangsmult eller rettsleg forfølging på desse sakene.

Men dette opplevast som svært urettferdig for meg som faktisk har prøvd å ha ein ærleg dialog med kommuna.

Mvh

Mette Bjørhovde

**EID KOMMUNE**
*PLAN- OG UTVIKLINGSAVDELINGA*

Mette Bjørhovde
Haugen
6770 NORDFJORDEID

| **Vår ref.** | **Dykkar ref.** | **Dato:** |
|---|---|---|
| 11/1749-71/GBNR-44/162, K2-L42//SKB | | 06.09.2013 |

# MELDING OM VEDTAK - PÅLEGG OM RETTING AV ULOVLEG TILHØVE - METTE BJØRHOVDE

Ved vedtak den 29.08.2013 gjorde formannskapet følgjande vedtak i saka:

**VEDTAK:**
Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 vert det gjeve pålegg om å bruke høvla bordkledning til endeveggane for hus på gbnr. 44/162. Bordkledning på desse endeveggane må takast ned om erstattast med høvla bordkledning med same bredde og utforming som den gamle bordkledninga.

Frist for oppfylling av pålegget vert sett til 01.07.2014.

Vedtaket kan påklagast, jf Lov om behandlingsmåten i forvaltningen av 10. februar 1967 (forvaltningslova) kapittel VI. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt melding om vedtaket er kome fram til vedkomande part, jf forvaltningslova § 29.
Viser elles til vedlagde saksutgreiing

Viser elles til vedlagde saksutgreiing

Med helsing

Gerd Fløde Bjørlo
Plan-og utviklingssjef

Synnøve Kvalheim Berg
Byggesaksbehandler
57885805


| Postadr.: | Telefon: | Telefaks: | Bankgiro: | E post: |
|---|---|---|---|---|
| Rådhusvegen 11<br>6770 Nordfjordeid<br>Org.nr..938521816 | 57 88 58 00 | 57 88 58 01 | 3790.07.00130<br>5398.05.01120 | post@eid.kommune.no<br>Heimeside:<br>http://www.eid.kommune.no |

# EID KOMMUNE
## Møtebok

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Saksansv.** |
| Formannskapet | 29.08.2013 | 155/13 | GFB |

| | | |
|---|---|---|
| **Avgjerd av:** Formannskapet<br>**Saksbehandler:** GFB | **Arkiv:** L42<br>**Objekt:** 44/162 | **Arkivsaknr**<br>11/1749 - Ꝭ |

## Pålegg - Retting av ulovlege tilhøve - Mette Bjørhovde

**Prenta vedlegg:**

1. Fagleg vurdering av bordkledning i Eidsgata. Motteken 24.05.2013
2. Merknad til varsel om riving av bordkledning i Eidsgata 52. Motteken 06.05.2013
3. Varsel og pålegg – Eidsgata 52. Brev datert 13.03.2013
4. Tilbakemelding. Eidsgata 52. Brev datert 22.02.2013
5. Svar på brev frå Eid kommune, ang bordkledning i Eidsgata 52. Motteke 19.02.2013
6. Avvising av klage frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Brev datert 10.01.2013
7. Vedtak. Rehabilitering og tilbygg. Eidsgata 52. Vedtak 30.07.2012.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

1. Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 (pbl.) § 32-2 og 32-3.
2. Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 (pbl.) § 25-1. Tilsynsplikt.
3. Tilsynsplan for Eid kommune 2013. Punkt 3. Tilsynsområde.
4. SAK § 15-1. Strategi for tilsyn.

**Kva saka gjeld:**
Pålegg om retting av ulovlege tilhøve etter plan- og bygningslova. Rettinga gjeld bordkledning til endeveggar for bustadhus på gbnr. 44/162 i Eid kommune jf brev datert 22.02.2013.

**Bakgrunn for saka:**
I føresegnene for Eid sentrum nord for Almenningen punkt 5.1.3 står følgjande:

*«Utvendig kledning og listverk skal vere høvla viss ikkje anna kan dokumenterast som opprinneleg.»*

Administrasjonen gjorde 30.07.2012 eit vedtak om at ein ikkje kunne nytte uhøvla bordkledning for renovering av hus i Eidsgata 52. Administrativt vedtak 232/12. Klage på administrativt vedtak 232/12 vart teke opp i formannskapet for Eid kommune i saksnummer 156/12. I dette formannskapsmøtet vart det røysta og vedteke føljande:

*«Med heimel i forvaltningslova § 33, jf føresegnene pkt. 5.1.3 i Reguleringsplan for Nordfjordeid sentrum, vert klage over vedtak i sak 232/12 ikkje teken til følgje.*

*Klagen vert sendt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for avgjerd.»*

Saka angåande bordkledning vart derfor sendt Fylkesmannen for avgjerd. I brev frå Fylkesmannen datert 10.01.2013 heiter det avslutningsvis:

*«Vedtak*
*Vilkåra for å ta klaga til handsaming er ikkje stetta. Med heimel i forvaltningslova § 34 første ledd avviser Fylkesmannen klaga frå Mette Bjørhovde.»*

Administrasjonen sende eit brev datert 25.01.2013 der det vert etterlyst ei skriftleg tilbakemelding vedkomande status for byggverket, og kva eigar eventuelt vil gjere for å imøtekome punkt 5.1.3. i føresegnene. Tilbakemelding vedkomande status for bygget vart motteken, men denne seier ikkje noko om kva eigar av gbnr. 44/162 vil gjere for å imøtekome punkt 5.1.3. i føresegnene.

I tilbakemelding 22.02.2013 til eigar av gbnr. 44/162 vart det skreve:

*«På bakgrunn av dei faktiske forhold slik dei er i dag, ser ein at å ta ned bordkledninga som er nytta på veggen mot Eidsgata vil skade dei gamle borda som er nytta der dersom ein krev dette. Det vert derfor ikkje sett som eit krav frå Eid kommune om at denne veggen skal takast ned igjen.*

*På dei to endeveggane mot nord og sør samt vegg mot aust skal det derimot nyttast høvla bordkledning i.h.h.t føresegnene punkt 5.1.3. Det vil i praksis seie at desse må takast ned og erstattast med høvla bordkledning med same bredde og utforming som den gamle bordkledninga.»*

Kommunen har myndighet til å treffe vedtak om pålegg på område kommunen har eit myndigheitsansvar etter plan og bygningslova. Plikta til å overhalde utløysast når en frist for å rette eit ulovlig forhold ikkje vert overhaldt.

Administrasjonen sende 13.03.2013 brev med varsel om pålegg samt melding om forbereding av sak i brev datert 22.05.2013. I varselet om pålegg heiter det m.o.a.:

*«Med heimel i plan- og bygningslova § 32-2 vert Mette Bjørhovde varsla om pålegg om retting. Rettinga gjeld bordkledning til endeveggar for bustadhus på gbnr. 44/162 i Eid kommune jf brev datert 22.02.2013. Det vert gjeve høve for tiltakshavar til å uttale seg i saka. Frist for uttale og retting av dei ulovlege tilhøva vert sett til 26.04.2013.»*

I samsvar med plan- og bygningslova så gav Eid kommune eit forhandsvarsel jf pbl § 32-2 angåande dei ulovlege tilhøva. Eigar av gbnr. 44/162 gav administrasjonen ei tilbakemelding angåande bordkledninga der det vert bekrefta at delar av den gamle bordkledninga var høvla.

Eigar av gbnr 44/162 har ved fleire høve hevda at uhøvla bordkledning som vert pussa har same formuttrykk som høvla bordkledning slik at denne derfor kan nyttast.

**Vurdering:**
Tiltakshavar viser til vedlagde bilde av bordkledning for bustadhuset i Eidgata 52 ved fleire høve løpet at denne saka. Søkjar har forklart og argumentert for sitt syn om bruk av uhøvla og pussa bordkledning.

Administrasjonen har derfor motteke ei fagleg vurdering av Inge Kolås den 24.05.2013 som driv eit firma innan rehabilitering av eldre bygg. Inge Kolås har m.o.a. arbeidd med Yris Hotell på Eid. Det administrasjonen har bede uttale om er om uhøvla og pussa bordkledning kan likestillast med høvla bordkledning. Det vart sendt bilete som viste den uhøvla, men pussa bordkledninga frå Eidsgata 52. I uttalen frå heiter det følјande:

*«Inge Kolås vil herved gje fylgjande tilbakemelding på saka:*

*Vår komentar er basert på vedlagde foto.Fotodokumentasjonen er så tydeleg at noko synfaring er ikkje naudsynt i saka.Kledninga som er nytta er kledning av gran.Ein kan ikkje greie å pusse ned denne kledninga,til tilsvarane høvla kledning.Pussing vil ikkje gje same estetiske inntrykket på nokon måte.»*

Det vart og motteke ei tilråding frå Inge Kolås der det heiter:

*«Tilråding:*

*Erstatte denne grankledninga med ei furukledning,høvla utførelse,lik opprinneleg orginalkledning.Dette er i dag kurant handelsvare,men må bestillast.Vidare vil eg då også tilråde at det vert etablert vindsperre i skøytar/overgangar,utanpå vindtettplata.(diffusjonsopen)»*

Med tilvising til nemnte forhold ovanfor meiner administrasjonen at nødvendige hensyn og vurderingar er gjort i denne saka. Administrasjonen kan ikkje sjå at nye opplysningar er motteke som skulle tilseie noko anna enn det som er gitt i varsel om pålegg i brev datert 13.03.2013.

Om ikkje dei ulovlege tilhøve vert retta innan fastsett frist i pålegget så vil tilhøvet verte fylgt opp med tvangsmulkt etter § 32-5. Tvangsmulkta vil verte varsla etter § 32-2. Tvangsmulkta kan til dømes vere eit eingangsbeløp på 5000,- og ei løpande tvangsmulkt på 1000,- per månad så lenge dei ulovlege tilhøve ikkje er retta av heimelshavar.

**Saksutgreiing:**
Pålegg etter § 32-3 er ein følje av varselet som vart gjeve 13.03.2013. Om ikkje pålegget om bruk at høvla bord vert teke til følje av heimelshavar for gbnr. 44/162 innan fastsett frist så kan kommunen fylje opp dette ved bruk at tvangsmulkt etter § 32-5.

Etter pbl. § 32-5 kan tvangsmulkt vere løpande så lenge det ulovlege forholdet vare, eit engangsbeløp eller ein kombinasjon av desse.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 vert det gjeve pålegg om å bruke høvla bordkledning til endeveggane for hus på gbnr. 44/162. Bordkledning på desse endeveggane må takast ned om erstattast med høvla bordkledning med same bredde og utforming som den gamle bordkledninga.

Frist for oppfylling av pålegget vert sett til 01.11.2013.

## 29.08.2013 FORMANNSKAPET

Per Kjetil Stautland, H, fremma følgjande endringsforslag:
«Frist for oppfylling av pålegget vert sett til 01.07.2014.»

Det vart først røysta over tilrådinga frå rådmannen.
Forslaget fall samrøystes.

Forslaget frå Per Kjetil Stautland, H, vart vedteken mot to røyster.

F-155/13 VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 vert det gjeve pålegg om å bruke høvla bordkledning til endeveggane for hus på gbnr. 44/162. Bordkledning på desse endeveggane må takast ned om erstattast med høvla bordkledning med same bredde og utforming som den gamle bordkledninga.

Frist for oppfylling av pålegget vert sett til 01.07.2014.

Ørjan Raknes Forthun
Rådmann

Fra: Mette Bjørhovde [mailto:mette@riccovero.no]
Sendt: 26. september 2013 18:23
Til: Gerd Fløde Bjørlo
Kopi: Alfred Bjørlo
Emne: Klage på vedtak for Eidsgata 52.

**Eid kommune**

Dato: 30 SEPT. 2013
Arkivkode: 44/162
Sak.nr.: 11/1749-42
L.nr.: 13/10286
Saksh. SKB

Eg klagar med dette på vedtaket om riving av slipt bordkledning og vedtak om tvangsmult.

Eg meiner dette er uriktig fordi:

Eg informerte om bruk av denne bordkledninga i eit møte med sjef for plan og regulering og ordføraren i Eid kommune 12/4- 2012.

Eid kommune har då plikt til å stoppe det dei meiner er «ulovleg arbeid» og/eller brot på reguleringsplanen umiddelbart.

Eg vart ikkje stoppa, og fekk først vite at dette var søknadspliktig etter at arbeidet så og seie var ferdig.

Eid kommune har òg veilednings plikt i slike saker.

Når naboen min får vite at eg gjer noko uriktig, og at eg «skal få ein reaksjon» på bordkledninga mi, FØR meg,

meiner eg Eid kommune viser liten vilje til å veilede. ( sjå vedlegg )

Etter møtet 12/4-2012 tok ordføraren kontakt fordi han ville vise fram huset mitt, og den positive bevaringa av gamle hus i sentrum til ein jury.

Eid kommune var då med i kåringa av «Noregs beste tettstad».

Dette tok eg sjølvsagt som ei bekrefting på at det eg dreiv med var positivt for kommunen.

Fagrådet i Eid kommune behandla søknaden min om disposisjon frå reguleringsplanen, etter at eg var nesten ferdig med å bordkle.

Fagrådet skal vere eit så kalla upartisk organ, og skal difor ha begge partar tilstades.

Eg vart ikkje kalla inn på dette møtet for å legge fram saka mi.

Eg er gjort kjend med at det er foretatt ei befaring på huset mitt.

Men det vart ikkje innhenta tillatelse ifrå meg, og eg vart heller ikkje informert om dette i ettertid.

Dette er i strid med lovverket slik eg kjenne det.

Sidan eg ikkje er informert om når befaringa fann stad,

veit eg ikkje om fagrådet har tatt stilling til bordkledninga før eller etter ho vart slipt.

Eg satte opp denne bordkledninga uhøvla, og har etter det slipt kvar fjøl.

Itillegg har eg malt 2 strøk på 2 av 3 veggar.

Her har eg brukt mykje tid og penger.

Heile tida har eg hatt ein open og ærleg dialog med kommunen.

Eid kommune har ikkje overholdt sine plikter ovanfor meg som søkjar.

Eg godtar kun riving av kledning om Eid kommune sjølve dekkjer kostnadane av ny kledning og maling.

Eg handla i god tru og har vist kommunen stor tillit i denne saka.

Helsing

Mette Bjørhovde

# EID KOMMUNE
PLAN-OG UTVIKLINGSAVDELING

Mette Bjørhovde
Haugen
6770 NORDFJORDEID

| Vår ref. | Dykkar ref. | Dato: |
|---|---|---|
| 11/1749-73/GBNR-44/162, K2-L42//SKB | | 17.10.2013 |

## BEHANDLING AV KLAGE PÅ VEDTAK - PÅLEGG OM RETTING AV ULOVLEG TILHØVE - EIDSGATA 52 GNR. 44 BNR. 162

Viser til klage av 26. september 2013 på vedtak i sak 155/13. Vedtaket gjeld retting av ulovleg tilhøve på gnr. 44 bnr. 162.

Til di opplysning vil klaga vil bli handsama av formannskapet i møte den 31. oktober 2013.

Eg gjer oppmerksam på at det ikkje er fatta vedtak om tvangsmulkt. Dette er kun varsla og er såleis ikkje gjenstand for klagehandsaming, jf. forvaltningsloven av 10. februar 1967 § 28.

Med helsing

Synnøve Kvalheim Berg
Byggesaksbehandler
synnove.kvalheim.berg@eid.kommune.no
57885805

| Postadr.: | Telefon: | Telefaks: | Bankgiro: | E post: |
|---|---|---|---|---|
| Rådhusvegen 11<br>6770 Nordfjordeid<br>Kontoradresse:<br>Rådhusvegen 11<br>org.nr: 938521816 | 57 88 58 00 | 57 88 58 01 | 3790.07.00130<br>5398.05.01120 | post@eid.kommune.no<br>Heimeside:<br>http://www.eid.kommune.no |

# EID KOMMUNE

## Møtebok

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Saksansv.** |
| Formannskapet | 13.11.2013 | 215/13 | GFB |

| | | |
|---|---|---|
| **Avgjerd av:** Formannskapet<br>**Saksbehandler:** Synnøve Kvalheim Berg | **Arkiv:** L42<br>**Objekt:** 44/162 | **Arkivsaknr**<br>11/1749 |

# Klage på vedtak i sak 155/13 - pålegg om retting av ulovleg tilhøve - gnr. 44 bnr. 162 - Mette Bjørhovde

**Prenta vedlegg:**

1. Vedtak av 30.07.2012 i sak 232/12 – rehabilitering og tilbygg – Eidsgata 52
2. Melding av 31.07.2012 om vedtak i sak 232/12
3. Brev av 28.09.2012 - opning av tilsyn – Eidsgata 52
4. Klage av 11.10.2012 på vedtak i sak 232/12
5. Vedtak av 10.01.2013 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - avvisning av klage
6. Varsel av 13.03.2013 - pålegg om retting – Eidsgata 52
7. Merknad av 06.05.2013 frå Mette Bjørhovde til varsel om riving av bordkledning i Eidsgata 52.
8. Vedtak av 28.08.2013 i sak 155/13 - pålegg om retting av ulovlege tilhøve
9. Melding av 06.09.2013 om vedtak i sak 155/13
10. Klage av 26.09.2013 på vedtak i sak 155/13

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

1. Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 (pbl.) § 32-2 og 32-3.
2. Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 (pbl.) § 25-1. Tilsynsplikt.
3. Tilsynsplan for Eid kommune 2013. Punkt 3. Tilsynsområde.
4. SAK § 15-1. Strategi for tilsyn.
5. Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (fvl.) av 10. februar 1967, jf. §

**Kva saka gjeld:**

Saka gjeld klage på vedtak om pålegg om retting av ulovleg tilhøve på gnr. 44 bnr. 162 i Eid kommune.

Følgjande vedtak er påklaga;

> *Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 vert det gjeve pålegg om å bruke høvla bordkledning til endeveggane for hus på gbnr. 44/162. Bordkledning på desse endeveggane må takast ned og erstattast med høvla bordkledning med same bredde og utforming som den gamle bordkledninga.*
>
> *Frist for oppfylling av pålegget vert sett til 01.07.2014.*

**Formelle krav:**

Vedtaket blei sendt ut den 6. september 2013 med ein klagefrist på 3 veker, jf. forvaltningslova § 29. Klage blei sendt på e-post den 26. september 2013 av Mette Bjørhovde. Klaga er såleis inngitt rettidig, jf. fvl. § 29 fyrste ledd.

**Bakgrunn for saka:**

Mette Bjørhovde søkte den 13. juli 2012 om dispensasjon frå pkt. 5.1.3 i reguleringsføresegnene i for Nordfjordeid sentrum nord for Almenningen for å nytte uhøvla materiale på SEFRAK-registrert eigedom på gnr. 44 bnr. 162. På dette tidspunktet hadde Bjørhovde allereie teke i bruk uhøvla materiale på eigedomens endeveggar, utan at løyve til dette var gjeve.

Dispensasjon for å nytte uhøvla materiale blei avslått av Eid kommune i vedtak den 30. juli 2012, saksnr. 232/12. Melding om vedtaket blei sendt den 31. juli 2012. Mette Bjørhovde fikk i meldinga om vedtaket informasjon om klageadgang og klagefrist. Klage blei ikkje inngitt innan klagefristen på 3 veker.

Klage kom seinare på e-post den 11. oktober 2012 i samband med tilsyn på eigedomen. Til tross for at klagen var forseint innkome tok Eid kommune klaga opp til behandling i formannskapet. Klaga blei ikkje teken til følgje og vart så oversendt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane den 19. oktober 2012 for vidare klagehandsaming.

Klaga blei avvist av Fylkesmannen i vedtak av 10. januar 2013, deira referanse 2012/4453 - 423.1). Vedtak om at det ikkje blei gjeve dispensasjon til å nytte uhøvla bordkledning blei med dette endeleg.

Oppfølginga av dette vedtaket er no påklaga.

**Saksutgreiing:**

Eid kommune fulgte opp det endelege vedtaket om å nytte høvla bordkledning ved å sende varsel om pålegg om retting den 13. mars 2013, slik som foreskrive i pbl. § 32-2.

Mette Bjørhovde fikk ein frist på over 6 veke til å uttale seg, til den 26. april 2013. Denne blei så forlenga til den 6. mai 2013 etter førespurnad frå Mette Bjørhovde. Den 6. mai 2013 blei det gjeve ein uttale frå Mette Bjørhovde.

Uttalelene dreier seg i hovudsak om Eid kommune har brote si rettleiingsplikt, om at Fylkeskulturminneavdelinga si uttale er feil slik at høvla bordkledning skal kunne nyttast og at Eid kommune skal vurdere *overtredelsen* som bagatellmessig.

Forholda er rekna som vurdert og hensyntatt i tidligare avgjersle ved både søknaden om å nytte uhøvla bordkledning og etterfølgjande klagebehandling. Uttalene ga ikkje grunnlag for å unnlate og følgje opp endeleg vedtak om å nytte høvla bordkledning.

Forholda er ikkje blitt retta og vedtak med pålegg om retting blei dermed sendt den 6. september 2013 til Mette Bjørhovde.

Vedtaket om pålegg om retting er no påklaga av Mette Bjørhovde.

I klaga er det framholdt at Eid kommune har brote veiledningsplikta si når dei ikkje stoppa arbeidet før det var ferdig, at Fagrådet skulle vurdert bygninga med klagar tilstede og at klagar kun godtar riving av kledninga om Eid kommune dekker kostnadane med ny kledning og maling.

**Vurdering:**

Eid kommune har i henhold til pbl. § 32-1 fyrste ledd ei plikt til å forfølgje overtredelsar av bestemmelsar gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova. I medhald av pbl. § 32-3 fyrste ledd kan slike overtredelsar forfølgjast ved å gje den ansvarlege pålegg om retting av det ulovlege forholdet.

For å kunne forfølgje overtredelsen ved eit pålegg om retting må pålegget rettast mot den ansvarlege, og det må foreligge eit forhold i strid med bestemmelsar gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova

Føresegnene i reguleringsplanen for Nordfjordeid sentrum er gjeve i medhald av plan- og bygningslova § 12-1. I henhold til reguleringsplanens pkt. 5.1.3 skal utvendig kledning og listverk skal vere høvla viss ikkje anna kan dokumenterast som opprinneleg. Dette blei ikkje dokumentert i samband med søknaden om dispensasjon for å nytte høvla bordkledning, som vart avslått av Eid kommune og endeleg avgjort av Fylkesmannen ved avvisning av klaga.

Høvla bordkledning er nytta på SEFRAK-registrert eigedom på gnr. 44 bnr. 162 utan løyve og i strid med gjeldande reguleringsplan. Bordkledninga på endeveggane er fortsatt ikkje retta. Det foreligge framleis eit forhold i strid med reguleringsplanen som kan forfølgjast med eit pålegg om retting, jf. pbl. § 32-3 fyrste ledd.

Mette Bjørhovde er tiltakshavar. Av byggesaksforskrifta § 12-1 andre ledd er tiltakshavars ansvar presisert med følgjande;

> *Der tiltakshavers ansvar ikke videreføres til ansvarlige foretak, jf. plan- og bygningsloven § 23-1 andre ledd, har han ansvar for at søknad, prosjektering og utførelse er i samsvar med krav gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven.*

Tiltakshavar er ansvarleg for det ulovlege arbeidet som er utført ettersom det ikkje er søkt om ansvarsrett for ansvarleg føretak.

Tiltakshavar har ikkje motteke informasjon frå Eid kommune om at tiltaket ikkje var søknadspliktig eller lovleg utført. Eid kommune kan ikkje lastast for at tiltakshavar har utført arbeidet i strid med gjeldande regelverk.

Vilkåra er oppfylt for at Eid kommune kan vedta pålegg om retting etter plan- og bygningslova § 32-3 fyrste ledd, jf. § 32-1.

Er *overtredelsen* av mindre betyding kan kommunen avstå i frå å forfølgje det ulovlege tilhøvet, jf. pbl. § 32-1 andre ledd.

Eid kommune har ved å innføre føresegner om rehabilitering av bygg i reguleringsplanen, synleggjort viktigheita av å bevare desse bygningane. Eid kommune si behandling av søknader om rehabilitering er også kvalitetssikra ved å innhente Fagrådet og Fylkeskommunen si kulturavdeling si uttale før avgjersle vert treft. Det ulovlege arbeidet som er gjort, er synleg på begge endeveggane på huset og i strid med Fagrådet si vurdering. Verken arten eller omfanget av det ulovlege arbeidet er ubetydeleg.

Eid kommune kan på bakgrunn av ovanståande ikkje avstå frå å forfølgje det ulovlege tiltaket, jf. pbl. § 32-1 andre ledd.

**RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Eid kommune tek ikkje til følgje klage på vedtak i sak 155/13.

Saka blir sendt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til avgjerd.

## 13.11.2013 FORMANNSKAPET

Følgjande forslag vart fremma som fellesframlegg frå Formannskapet:
«Klagen blir teken til følgje av omsyn til at klagar har utført arbeidet før rettleiinga om å eige eit gammalt hus blei utarbeida, og det er tvil om kva informasjon Mette Bjørhovde fekk før restaureringa starta. Eid kommune varsla/påla heller ikkje stans i arbeidet etter at det ulovlege arbeidet blei avdekka. Klagar har nedlagt mykje arbeid i restaurering av huset, utan å motta tilskot.

Klaga vert teke til følgje ved at Eid kommune dekkjer kostnader med ny kledning og maling inntil kr. 15 000. Pålegget om retting blir med dette ståande.»

Forslaget var vedteken samrøystes.

**F-215/13 VEDTAK(SAMRØYSTES):**

Klagen blir teken til følgje av omsyn til at klagar har utført arbeidet før rettleiinga om å eige eit gammalt hus blei utarbeida, og det er tvil om kva informasjon Mette Bjørhovde fekk før restaureringa starta. Eid kommune varsla/påla heller ikkje stans i arbeidet etter at det ulovlege arbeidet blei avdekka. Klagar har nedlagt mykje arbeid i restaurering av huset, utan å motta tilskot.

Klaga vert teke til følgje ved at Eid kommune dekkjer kostnader med ny kledning og maling inntil kr. 15 000. Pålegget om retting blir med dette ståande.

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-

**008/13: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – OPPFØLGING AV VEDTAK - TINGING**

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
**Dato:** 20.01.2014

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 28.01.2014 | 008/14 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001
- Kommunelova

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**
- Tingingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Oppfølging av vedtak" vert godkjent.
- Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

**FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – OPPFØLGING AV VEDTAK - TINGING**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt "Spesialundervisning"

**Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet gjorde tilråding til kommunestyret om Plan for forvaltningsrevisjon 13.06.12 i sak 027/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2011 - 2015. I kommunestyret den 06.09.2012 i sak 89/12 "Plan for forvaltningsrevisjon" godkjente kommunestyret planen.

I sak 044/13 «Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Spesialundervisning – Tinging, den 25.11.2013 gjorde kontrolutvalet følgjande vedtak:

- *Forvaltningsrevisjonsprosjektet spesialundervisning går ut på grunna av at spesialpedagogiskplan 2013-2017 er under politisk handsaming.*

- *SEKOM-sekretariatet får i oppdrag til neste møte å endre tingingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet til punkt 3 i planen: «Oppfølging av vedtak.»*

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av prosjektet med tredje prioritet i planen; «Oppfølging av vedtak». Utkastet ligg ved.

Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til KIN, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga.

Vidare handsaming av prosjektet vil bli tilnærma som følgjande:

- Oversending av tinginga til KIN.
- Tilbakemelding frå KIN vedr. tingingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KIN i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaupande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KIN.
- Levering av prosjekt KIN til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak eit år etter vedtak i kommunestyret

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Det vert vist til saksutgreiinga.

# *SEKOM-sekretariat*

***Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn***

Kommunerevisjonen i Nordfjord
Tonningsgata 4

6783 Stryn

Nordfjordeid 28.01.2014

**TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT «OPPFØLGING AV VEDTAK» - EID KOMMUNE**

**Prosjektnamn**

Oppfølging av vedtak

**Bakgrunn for undersøkinga**

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

Kontrollutvalet i Eid gav 13.06.2012 kommunestyret i Eid tilråding om plan for forvaltingsrevisjon. Kommunestyret i Eid gjorde 06.09.2012 i sak «Plan for forvaltningsrevisjon» vedtak i saka i samsvar med kontrollutvalet si tilråding. Kontrollutvalet handsama tinging av prosjektet i sak 08/14 Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Oppfølging av vedtak» – Eid kommune», den 28.01.2014.

**Formål med undersøkinga**

Dei styrande organ i Eid kommune ynskjer ei vurdering om administrasjonen følgje opp politiske vedtak i samsvar med gjeldande lover.

**Avgrensing av undersøkinga**

- Undersøkinga vert avgrensa til å omfatte vedtak gjort av Formannskap og kommunestyret.
- Undersøkinga skal omfatte vedtak gjort i 2012 og 2013.

**Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet**

1. Har Eid kommune etablert system for oppfølging og effektuering av politiske vedtak i kommunen?
2. Blir kommunale vedtak oppfylt, og innanfor evt. tidsfrist?
3. Korleis fungerer administrasjonen sin rapportering attende til politisk nivå.

**Økonomi**

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør .


| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 42 | post@sekom.no | 951 39 762 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

**Kjeldegrunnlag**

Kommunelova §23.2

**Rapportering**

Revisor skal gje tilbakemelding til kontrollutvalet på tingingsdokumentet i samsvar med føresegnene i RSK001. Jfr særskilt pkt. 11, 12, 16, 19 og 20.
Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.
Rapport skal leverast innan 1. oktober 2014.

**Tinginga er vedteken godkjent i kontrollutvalet såleis:**

Sak 08/14, den 28 januar 2014

Roy Andre Høynes Bruvoll (s)
-kontrollutvalsleiar-

Vidar Øvrebø
*SEKOM-sekretariat*

**09/14 OPPFØLGINGSLISTE 1-2014 EID**

**Sakshandsamar:** **Audhild Ragni Vie Alme.** SEKOM- sekretariat
**Dato:** 21.01.2014

| **Utval** | **Dato** | **Saksnr.** | **Status** | **Vedtaks-organ** |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Eid | 28.01.2014 | 09/14 | - | Ja |

**Saksvedlegg.**
Oppfølgingsliste 1-2014 Eid.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**
Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**
Oppfølgingsliste 1-2014 Eid vert teke til vitande.

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

**OPPFØLGINGSLISTE 1-2014 EID**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

**Innleiing – Kva saka gjeld**
Saksoppfølging.

**Saksopplysningar:**
Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 26. november 2013.

Lista vil bli oppdatert utan opphald og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista. Saker frå forrige møte vert ført på lista og står til neste møte til informasjon.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

**Oppfølgingsliste 1-2014 - Eid.**

**Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Eid kommune**

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Saker som er tekne opp | Dato | Merknad | Status |
|---|---|---|---|
| 15/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak. | 23.11.10 | | 23.11.10: Vedtak KU<br>26.11.10 s. brev til adm om tiltak<br>Informasjon frå einingane.<br>Tertialrapportar<br>Tilsynsrapportar frå fylkesmannen.<br>Informasjon frå revisor<br>Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.<br>Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep. |
| 25/11 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune. | 09.06.11 | | Tilråding frå KU til kst:<br>- Kommunestyret visert til brev frå rådmannen til kontrollutvalet om Oppfølging kommunestyrevedtak – Rapport "Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune", datert 30.05.2011.<br>- Kommunestyret registrerer at det er sett i verk tiltak for å sikre at tilsette har kunnskap og tilstrekkjeleg informasjon om kommunen sine innkjøpsavtalar.<br>- Kommunestyret registrerer at administrasjonen har teke initiativ til å få på plass eit innkjøpssamarbeid med dei andre Nordfjordkommunane, og at det er konkrete tiltak på gong.<br>- Kommunestyret ber administrasjonen lage eit plandokument for innkjøp i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015.<br>09.06.11: Levert kommunen i etterkant av møtet.<br>09.06.11 s. e-post med stadfesting om overlevering av dokumenta.<br>23.06.11. Vedtak kst. sak 054/11.i samsvar med tilrådinga frå KU.<br>**Sjå sak 031/12 og 47/12.** |
| 031/12 Orientering arbeidet med plan for innkjøpsfunksjonen | 13.06.12 | | 13.06.12 Vedtak KU –Kontrollutvalet ber rdm om skriftleg status innan neste møte i kontrollutvalet om korleis ein ligg an med arbeidet med å lage eit plandokument for innkjøp.'<br>27.06.12 Brev til Eid kommune.<br>04.09.12 Ikkje fått svar, bede om munnleg orientering i møte 11.09.12.<br>**Sjå sak 35/12 og 45/12.** |
| 035/12Orientering – Status i arbeidet med å lage plandokument for innkjøpsfunksjonen | 13.06.12 | | 11.09.12 Vedtak KU:<br>- Kontrollutvalet tek orienteringa til rådmannen til vitande.<br>- Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å få orientering om status med arbeidet med plan for innkjøp.<br>- Kontrollutvalet ber om at det under denne orienteringa vert gjeve eit tidspunkt for kva tid plan for innkjøp |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | blir ferdigstilt.<br>12.09.12 Brev s Eid kommune<br>**Sjå sak 45/12** |
| 036/12 Tinging fv prosjekt «Drift og vedlikehald av bygningar» | 11.09.12 | | 11.09.12 Vedtak KU –<br>- Tingingsdokument for fv-prosjektet «Drift og vedlikehald av bygningar» vert godkjent.<br>- Tingingsdokument vert s KIN for operasjonalisering.<br>12.09.12 Tinging s. KIN |
| 045/12 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport innkjøpsfunksjonen. | 27.11.12 | | 27.11.12: Saka vert teken opp igjen på neste møte i kontrollutvalet.<br><br>**Sjå sak 15/13** |
| 048/12 Masseuttak eid kommune. | 27.11.12 | | 27.11.12: Vedtak KU:<br>Kontrollutvalet ber om å få tilsendt rapport etter siste tilsyna direktoratet har gjort av masseuttaka i Eid kommune. Jfr opplysning i brev frå Eid kommune til kontrollutvalet av 30.10.2012.<br>- Kontrollutvalet etterlyser informasjon om masseuttaket ved Lidastranda, og ber om å få opplyst kva status kommunen har for dette uttaket.<br>29.11.12 Brev til Eid kommune<br>03.01.13 Svarbrev frå Eid kommune. |
| 003/13 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport innkjøpsfunksjonen | 27.02.13 | | 27.02.13Vedtak KU:<br>Kontrollutvalet ber rdm orientere i saka i ku møte 17. april 2013. Kontrollutvalet vil etter dette sende melding om saka til kst til deira møte 2. mai 2013. |
| 004/13 Masseuttak Eid kommune. | 27.02.13 | | 27.02.13 Vedtak KU:<br>Kontrollutvalet tek orientering til vitande. Kontrollutvalet vil særleg peike på at all aktivitet må vere heimla i godkjende planar. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding om korleis dette vert følgt opp innan 1. juni 2013.<br>31.05.13 E-post sendt.<br>13.06.13 E-post sendt. |
| 015/13 Orientering forvaltningsrevisjonsprosjekt – Inkjøpsfunksjonen. | 17.04.13 | | 17.04.13 Rådmannen orienterte:<br>**KS har minimumskrav til plandokument. Eid har tre punkt som det må takast tak i i høve til dette:**<br><br>**Innkjøpsreglement. Sikre at lover, reglar, avtalar og budsjett vert følgde mm. Har sett på korleis Oslo gjer det. Vil bruke noko av det som mal for å utarbeide plandokument for Eid kommune. Politisk sak. Møte om dette førstkomande fredag 19.04.2013.**<br><br>**Etiske retningsliner. Funne eit godt grunnlag for dette som det vil bli teke utgangspunkt i og laga ei sak som skal handsamast administrativt og politisk. Politisk sak**<br><br>**Leiaravtalar. Regulerer og definerer kva ansvar den enkelte har. Administrativ sak.**<br><br>**Eid kommune skal ha alt dette på plass innan juni 2013. Dette vil så liggje dokumentert i kvalitetslosen.**<br><br>**Kontrollutvalet sitt vedtak:**<br>Kontrollutvalet tek saka til orientering. |
| | | | |
| 024/13 Orientering – Masseuttak Eid. | 10.06.13 | | 10.06.13 Vedtak KU – Utsett til neste møte.<br>13.06.13 E-post til Eid kommune. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 036/13 Masseuttak Eid kommune | 10.09.13 | | 10.09.13 Vedtak KU – Orienteringa vert teken til vitande.<br>- Saka blir fulgt opp i løpet av våren 2014. |
| 038/13 Budsjett for drift av kontrollutvalet i Eid kommune. | 10.09.13 | | 10.09.13 tilråding til kommunestyret: Budsjett for drift av kontrollutvalet kr 72 500,-<br>11.09.13 Budsjett sendt til formannskap og kommunestyret. |
| 41/13 Godkjenning av innkalling og sakliste | 25.11.13 | | Vedtak: Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste. |
| 42/13 Skriv og meldingar | 25.11.13 | | Vedtak: Skriv og meldingar vert teke til vitande. |
| 43/13 Orientering – Protokollar utval/styre i eid. | 25.11.13 | | Vedtak: Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune er teke til vitande. |
| 44/13Forvaltningsrevisjons-prosjekt – spesialundervisning - tinging | 25.11.13 | | Vedtak: Forvaltningsrevisjonsprosjektet spesialundervisning går ut på grunna av at spesialpedagogiskplan 2013-2017 er under politisk handsaming.<br>SEKOM-sekretariatet får i oppdrag til neste møte å endre tingingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet til punkt 3 i planen: Oppfølging av vedtak. |
| 45/13 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport innkjøpsfunksjonen | 25.11.13 | | Vedtak: Saka vert utsett til neste møte 28. januar 2014 |
| 46/13 Oppfølgingsliste 5-2013 Eid. | 25.11.13 | | Vedtak: Oppfølgingsliste 5-2013 – Eid vert teke til vitande. |
| 47/13 Eventuelt. | 25.11.13 | | Vedtak: Neste møte i kontrollutvalet i Eid vert 28. januar 2014.<br>SEKOM-sekretariatet får i oppdrag å innhente dokumentasjon i byggesak Eidsgata gnr. 44 bnr. 162 Mette Bjørhovde. Dette skal sendast til kontrollutvalet så snart råd er. |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

Oppdatert 26.11.2013 arva.

## 010/14 EVENTUELT

**Sakshandsamar:** **Audhild Ragni Vie Alme.** SEKOM- sekretariat
**Dato:** 21.01.2014

| Utval | Dato | Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Eid | 28.01.2013 | 10/14 | - | Ja |
| | | | | |

## KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.